



# Masfjorden kommune

## Møtebok for Kommunestyret

**Møtedato:** 14.05.2020  
**Møtestad:** Kommunehuset  
**Møtetid:** 12:00 - 16:00

Vi legg opp til at dei som ønskjer å delta på møte fysisk kan møte i kommunestyresalen, og at vi organiserer kommunestyresalen slik at vi ivaretek kravet om minimum 1 meter avstand, samt at vi kombinerer og opnar for deltaking på teams. Generelle nasjonale smittevernråd vert elles lagt til grunn.

Det vert ikkje servert mat.

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle
Karstein Totland	H	Ordfører
Frode Langhelle	H	Medlem
Kariann Ekren	H	Medlem
Atle Nordland	H	Medlem
Arne Hindenes	H	Medlem
Torill Torsvik Størkersen	AP	Varaordfører
Ragnvald Tangedal	AP	Medlem
Hildegunn Bjånes	AP	Medlem
Britt Inger Myhr	AP	Medlem
Siri Tangedal Kratzmeier	Krf	Medlem
Geir Egil Haugsvær	Sp	Medlem
Laila Furebotn	Sp	Medlem
Silje Vågseth Kjetland	Sp	Medlem
Jostein Kvamme Duesund	Frp	Medlem

Forfall meldt frå medlem	Parti	Rolle
Erlend Kvamsdal	H	Medlem
Bjarte Andvik	H	Medlem
Wenche Dåe	Sp	Medlem

Frammøtte varamedlemmer	Parti	Erstatter medlem
Bjarte Dyrkolbotn	H	Bjarte Andvik
Astrid Daae	H	Erlend Kvamsdal
Stian Sjøvik	Sp	Wenche Dåe

---

Følgjande frå administrasjonen møtte:

Rådmann Svein Helge Hofslundsengen og rådgjevar Anne Kristin Rafoss som førte møteboka.

---

## Sakliste

Saksnummer: Sakstittel:

016/2020	Godkjenning av innkalling og sakliste	s. 03
017/2020	Godkjenning av møtebok	s. 04
018/2020	Finansrapportering pr. 31.12.2019	s. 05
019/2020	Ekstraløyving investering Fensfjord bygg	s. 08
020/2020	Årsmelding kraftfondet 2019	s. 10
021/2020	Nærmiljøanlegg Stien, Kvingo- kommunal medfinansiering	s. 13
022/2020	Folkehelseoversikt Masfjorden 2019-2022	s. 18
023/2020	Handlingsplan mot vald i nære relasjonar 2020-2023	s. 21
024/2020	Revisjon av alkoholpolitisk handlingsplan for 2020 - 2024	s. 23
025/2020	Nye skjenkeløyver for 2020 - 2024	s. 28
026/2020	Nye salsløyver for alkohol perioden 2020 - 2024	s. 35
027/2020	Referatsak	s. 40
028/2020	Søknad om serverings- og skjenkeløyve for Stordalen Oppleving AS	s. 42
029/2020	Auke i vidareutlån 2020 , startlån	s. 45

# Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Anne Kristin Rafoss	FE-033	20/426

Saknr	Utval	Type	Dato
016/2020	Kommunestyret	PS	14.05.2020

## Godkjenning av innkalling og sakliste

### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjend

### Saksopplysningar:

#### Kommunestyret - 016/2020

#### KS - behandling:

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

#### KS - vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjend

# Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Anne Kristin Rafoss	FE-033	20/426

Saknr	Utval	Type	Dato
017/2020	Kommunestyret	PS	14.05.2020

## Godkjenning av møtebok

### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Møtebok vert godkjend.

### Saksopplysningar:

#### Kommunestyret - 017/2020

#### KS - behandling:

Det vart sett fram forslag om Atle Nordland og Laila Furebotn til å skrive under møteboka.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke

#### KS - vedtak:

Møtebok frå kommunestyra 13.02.20 og 07.04.20 vert godkjend.

# Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Svein Helge Hofslundsengen	FE-202, TI-&14	19/366

Saknr	Utval	Type	Dato
016/2020	Formannskapet	PS	31.03.2020
018/2020	Kommunestyret	PS	14.05.2020

## Finansrapportering pr. 31.12.2019

### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Finansrapporteringa pr. 31.12.2019 vert teken til vitring

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn

Finansrapportering jf. finansreglement vedteke av kommunestyret den 20.02.2017, sak 3/2017 – pkt. 9

## 9. Rapportering

Rådmannen skal i samband med tertialrapportering per 30.04 og 31.08 utarbeide eir finansrapport til formannskapet og kommunestyret. I tillegg skal rådmannen i samband med årsavslutning leggje fram ein rapport til formannskapet og kommunestyret som viser utvikling gjennom året og status ved utgangen av året.

- Rapportane skal innehalde ein omtale og vurdering av kommunen sin finansielle risiko.
- Rapportene skal innehalde ein nærmare omtale av korleis aktiva og passiva er samansett.
- Rapportane skal vise markedsverdien for aktiva, både samla og for kvar gruppe av ulike typar aktiva.
- Rapportane skal vise verdien for passiva, både samla og for kvar gruppe av ulike typar passiva. I tillegg skal rapportane opplyse om løpetida for passiva, og om verdien av lån som forfell og som må refinansierast innan 12 månader.
- Rapportane skal innehalde ein omtale av vesentlege marknadsendringar og endringar i kommunen sin finansielle risiko, og det skal gjevast ein vurdering av dette. I tillegg skal rapportane innehalde ein omtale av aktuelle marknadsrenter og kommunen sine eigne rentevilkår.
- Om det har oppstått avvik mellom krava i finansreglementet og den faktiske forvaltninga, skal dette takast med i rapportane.

#### Fakta


Plasserte midlar i rente, obligasjon og aksjefond hadde ein god avkastning i 2019

	31.12.2018	2019		
		Resultat	Marknadsverdi	Avkastning
Dnb Obligasjon 20	7 482 337,69	171 519,22	7 653 856,91	2,292 %
Holberg Kreditt	2 192 275,54	133 311,76	2 325 587,30	6,081 %
First Aksjer Norge	5 621 551,80	1 162 264,14	6 783 815,94	20,675 %
Holberg Global	2 113 193,30	700 382,00	2 813 575,30	33,143 %
Holberg Rurik	699 542,49	63 961,75	763 504,24	9,143 %
Spv Aksje	5 623 798,00	1 121 769,00	6 745 567,00	19,947 %
<b>SUM</b>	<b>23 732 698,82</b>	<b>3 353 207,87</b>	<b>27 085 906,69</b>	<b>14,129 %</b>

Med til dels store svingingar pr. mnd

jan	feb	mar	apr	mai	jun	jul	aug	sep	okt	nov	des
8 520,49	28 104,91	33 241,71	11 759,73	27 137,84	18 133,85	19 444,97	57 621,27	-30 079,66	-5 307,95	9 744,44	-6 802,3
20 639,91	18 897,33	43 108,58	-2 352,16	-107 913,14	7 064,96	1 665,64	15 592,42	103 523,97	9 480,48	8 813,42	14 790,3
293 501,34	206 702,16	96 583,50	-45 385,10	66 956,67	14 615,06	-56 311,74	62 908,17	67 389,31	139 831,51	120 355,94	195 117,3
127 421,62	104 445,69	187 901,09	-23 933,65	-362 435,14	-9 659,39	90 517,21	74 473,85	311 553,44	120 670,49	96 454,40	-17 027,6
31 614,18	13 726,21	22 071,83	-11 584,99	77 203,69	-28 447,76	-17 668,72	-23 757,10	-3 149,74	3 801,16	12 926,56	-12 773,5
260 297,00	177 888,00	55 702,00	194 316,00	-199 251,00	95 904,00	102 408,00	-26 883,00	115 891,41	184 777,59	140 597,00	20 122,0
<b>741 994,54</b>	<b>549 764,30</b>	<b>438 608,71</b>	<b>122 819,83</b>	<b>-498 301,08</b>	<b>97 610,72</b>	<b>140 055,36</b>	<b>159 955,61</b>	<b>565 128,73</b>	<b>453 253,28</b>	<b>388 891,76</b>	<b>193 426,1</b>

Med topp i januar med om lag 750.000 i avkastning, og mai med ein nedgang på nær 500.000, men samla sett for året ei styrking av rekneskapen med over 3,3 mill.kr.



Langsiktig gjeld utgjorde 69 mill.kr. ved inngangen av året, samla låneopptak i løpet av året utgjorde 21,9 mill.kr., og etter frådrag av bokførte avdrag i 2019 rekneskapen – utgjør langsiktig gjeld 84,4 mill.kr., og ein auke på 15,4 mill.kr. Langsiktig gjeld pr. innbyggjar låg på om lag 40.000 pr. innbyggjar ved utgangen av 2018, og auka til kr. 49.921 pr. utgangen av 2019.

### Vurdering

Det er normalt med til dels store svingingar i aksjemarknaden gjennom eit år. 2019 starta bra, med litt svingingar utover i året, men vi enda samla sett opp med eit særst godt år med over 3,3 mill.kr. og over 14,1% i avkastning

Det skal lite til av uro rundt omkring i verden før ein får opp eller nedgang i verdien av plasseringane, og utfordring er å skape/ oppnå meiravkastning utover ordinær bankinnskot. Stresstest pr. 31.12.2019 er gjort ut i frå at grunnkapital/plassering er dekkja opp med fondsavsetjing, og at det er berre reinvestert kapital som ein ikkje har fondsmidlar til å dekke. Plasseringa utover bankinnskot er noko Masfjorden etter kvart har mange års erfaring med, og normalt har ein oppnådd eit resultat som har styrka kommunerekneskapen med mellom 1-2

mill.kr. årleg, og berre unntaksvis har vi hatt år med negativ avkastning – som i 2018. Faren for finansuro og negativ avkastning er til stades, men ein har større tru på meiravkastning utover bank og for noverande plasseringa – men det vert garantert svingingar. (I skrivande stund av denne saka er 2020 finansplasseringane kraftig ned (mars 20), og det kjem ein nærare attende til i rapportering 2020)

#### **Konklusjon**

Tilrådd at finansrapporteringa pr. 31.12.2019 vert teken til vitring

#### **Formannskapet - 016/2020**

##### **FS - behandling:**

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes tilrådd til kommunestyret.

##### **FS - vedtak:**

Finansrapporteringa pr. 31.12.2019 vert teken til vitring

#### **Kommunestyret - 018/2020**

##### **KS - behandling:**

Framlegg til vedtak frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

##### **KS - vedtak:**

**Finansrapporteringa pr. 31.12.2019 vert teken til vitring**

# Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Malin Daae Steine		20/394

Saknr	Utval	Type	Dato
035/2020	Formannskapet	PS	27.04.2020
019/2020	Kommunestyret	PS	14.05.2020

## Ekstraløyving investering Fensfjord bygg

### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Kjøp av naudsynt inventar, fiber og oppgradering av datautstyr til helse og heimetenesta på krone 300.000,- vert innarbeidd i revidert budsjett 2020.

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn

Det vert vist til sak 066/2019 Fensfjordbygg, investering inventar (helse, pleie og omsorg) og ombygging barnehage som var oppe i formannskapet 10.09.19. Utifrå førebels kalkylar blei det innvilga 700 000,- til inventar og utstyr til helse og pleie- og omsorg.

#### Fakta

I innvilga ramme på 700 000,- var det ikkje tatt med skap, skuffeseksjonar og benkeplate til laboratoriet, medisinrom og helsesjukepleiarkontora. I tillegg er det ekstra IKT kostnader knytt til fiber inn til bygget og investering og nødvendig oppgradering av datautstyr til både helse og heimetenesta. Alle desse ekstrakostnadane utgjere om lag 460 000,-

#### Vurdering

Rådmannen ser behov for auka løyvinga med krone 300 000,- for å finansiere desse ekstra kostnadane i samband med innflytting til Fensfjordbygget, og ber om at dette blir innarbeidd i sak om revidert budsjett i juni 2020.

#### Konklusjon

Kjøp av naudsynt inventar, fiber og oppgradering av datautstyr til helse og heimetenesta på krone 300.000,- vert innarbeidd i revidert budsjett for 2020.

## Formannskapet - 035/2020

### FS - behandling:

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.



**FS - vedtak:**

Kjøp av naudsynt inventar, fiber og oppgradering av datautstyr til helse og heimetenesta på krone 300.000,- vert innarbeidd i revidert budsjett 2020.

**Kommunestyret - 019/2020****KS - behandling:**

Konstituert Helse- og omsorgsleiar Malin Daae Steine møtte til denne saka.

Framlegg til vedtak frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

**KS - vedtak:**

**Kjøp av naudsynt inventar, fiber og oppgradering av datautstyr til helse og heimetenesta på krone 300.000,- vert innarbeidd i revidert budsjett 2020.**

# Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Svein Helge Hofslundsengen	FE-033, TI-&14	20/325

Saknr	Utval	Type	Dato
003/2020	Kraftfondsstyret	PS	31.03.2020
020/2020	Kommunestyret	PS	14.05.2020

## Årsmelding kraftfondet 2019

### Vedlegg:

#### Journalposttittel

Årsmelding kraftfondet 2019

#### Dato

24.03.2020

### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Årsmelding kraftfondet 2019 vert teken til vitring

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn

#### § 7 Årsmelding

Kvart år skal det leggjast fram for kommunestyret ei melding om bruken av kraftfondet.

Årsmeldinga for kraftfondet skal innehalda:

- Rekneskap
- Oversyn over prosjekt
- Analyse over korleis fondet er nytta sett i høve til prioriteringa i strategisk næringsplan
- Trong for endringar i prioriteringar/retningsliner for bruken av kraftfondet for neste år

#### Fakta

Viser til sjølve årsmeldinga 2019, som følgjer som sakstilfang

Årsmeldinga viser oversikt over kva fondsmidlane er nytta til og oversikt rekneskap vs. budsjett.

<b>Rekneskap Masfjorden kraftfond 2019</b>			
		<b>Budsjett</b>	<b>Rekneskap</b>
		<b>2019</b>	<b>2019</b>
<b>Inntekter:</b>	Påfyll kraftfondet - konsesjonsavgift	-2 810 000	-3 168 580
	Avdrag utlån frå kraftfondet	-70 000	-156 371
	Renteinntekter, utlån	-20 000	-23 879
	andre inntekter		-3 930
	Sal av turbok	0	-320
	<b>Sum inntekter</b>	<b>-2 900 000</b>	<b>-3 353 081</b>
<b>Utgifter:</b>	Masfjordsambandet - "brufond jf. KS sak 45/12"	1 000 000	1 000 000
	LVK, reiseliv og regionrådet – tilskot/kontigent 2019	460 000	340 809
	Arrangement/profilering av kommunen/tiltaksmidlar	220 000	586 182
	Næringsarbeid innan kommuneadminstrasjonen	100 000	100 000
	Sertifikatorndninga	0	0
	Tilrettelegging bustadføremål	400 000	0
	Elevbedrift/grundercamp	10 000	0
	Andre næringsiltak - tilskot GMU m/250.000	250 000	250 000
	Etableringstilskot	200 000	15 000
	Frie fondsmidlar til fordeling inkl. utlån	260 000	252 500
	<b>Sum utgifter</b>	<b>2 900 000</b>	<b>2 544 491</b>

Samla sett har kraftfondstyret handsama 26 saker i 2019;

<b>Kraftfondsaker 2019</b>		<b>Søkt om</b>		<b>Løyvd</b>		handsama av kraftfondet;	<b>K-styre handsaming</b>	Brukte midlar 19	Unytti midlar '1
Sak nr.	Søklar/tiltak	Tilskot	Lån	Tilskot	Lån				
	Budsjett 2019 - Masfjorden kraftfond								260 00
1.	Godkjenning av innkalling og sakliste	0	0	0	0	13.03.2019		0	260 00
2.	Godkjenning av møtebok	0	0	0	0	13.03.2019		0	260 00
3.	Årsmelding kraftfondet 2018	0	0	0	0	13.03.2019	25.3.19- 9/19	0	260 00
4.	referatsak	0	0	0	0	13.03.2019		0	260 00
5.	Godkjenning av innkalling og sakliste	0	0	0	0	29.08.2019		0	260 00
6.	Godkjenning av møtebok	0	0	0	0	29.08.2019		0	260 00
7.	Referatsak	0	0	0	0	29.08.2019		0	260 00
8.	Godkjenning av innkalling og sakliste	0	0	0	0	10.09.2019		0	260 00
9.	Godkjenning av møtebok	0	0	0	0	10.09.2019		0	260 00
10.	Søknad om støtte Eli og Knut Audun Areklett	400 000	0	0	100 000	10.09.2019	26.9.19 - 51/19	100 000	160 00
11.	Søknad om støtte enk. gjen marius bakken	40 000	0	40 000	0	10.09.2019		40 000	120 00
12.	Søknad om støtte Saga skog	150 000	0	40 000	0	10.09.2019		40 000	80 00
13.	Referatsak	0	0	0	0	10.09.2019		0	80 00
14.	Godkjenning av innkalling og sakliste	0	0	0	0	21.10.2019		0	80 00
15.	Godkjenning av møtebok	0	0	0	0	21.10.2019		0	80 00
16.	Kraftfondsbudsjettet for 2020	0	0	0	0	21.10.2019	28.10.19 - 60/19	0	80 00
17.	Referatsak	0	0	0	0	21.10.2019		0	80 00
18.	Godkjenning av innkalling og sakliste	0	0	0	0	02.12.2019		0	80 00
19.	Referatsak	0	0	0	0	02.12.2019		0	80 00
20.	Godkjenning av innkalling og sakliste					16.12.2019		0	80 00
21.	Godkjenning av møtebok					16.12.2019		0	80 00
22.	Heklerier	62 649	0	25 000	0	16.12.2019		25 000	55 00
23.	Krithuset Kafé as	25 000	0	25 000	0	16.12.2019		25 000	30 00
24.	Garnlembanken Manum & Bakken	40 000	0	0	0	16.12.2019		0	30 00
25.	Masfjorden Fysioterapi v/Baarøy	200 000	0	36 000	150 000	16.12.2019		186 000	-156 00
26.	Referatsak	0	0	0	0	16.12.2019		0	-156 00
		<b>917 649</b>	<b>0</b>	<b>166 000</b>	<b>250 000</b>			<b>416 000</b>	

## Konklusjon

Tilrår at årsmeldinga kraftfondet for 2019 vert vedteken slik den ligg føre

## Kraftfondsstyret - 003/2020

### KRFT - behandling:

Framlegg til vedtak vart samrøystes tilrådd til kommunestyret.

**KRFT - vedtak:**

Årsmelding kraftfondet 2019 vert teken til vitring

**Kommunestyret - 020/2020****KS - behandling:**

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak frå Kraftfondstyret vart samrøystes vedteke.

**KS - vedtak:**

Årsmelding kraftfondet 2019 vert teken til vitring

# Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Frank Kvinge	FE-243	17/35

Saknr	Utval	Type	Dato
019/2020	Formannskapet	PS	31.03.2020
021/2020	Kommunestyret	PS	14.05.2020

## Nærmiljøanlegg Stien, Kvingo- kommunal medfinansiering

### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Rådmannen får fullmakt til å forskottera delar av anleggskostnadane i prosjektet, etter konkret søknad frå anleggseigar.

Masfjorden kommune stiller garanti for ikkje-momskompenserte kostnader gitt at alle søknadsfrister om å få kompensert moms vert overhalde frå anleggseigar si side.

Det vert løyvd inntil kr 95 000 til veg og kr 40 000 til lys til dette prosjektet som kommunal medfinansiering, toppfinansiering, så sant prosjektrekneskapen viser at det er trong for det. Kostnadane vert finansiert over disposisjonsfond.

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn

Nærmiljøanlegget turveg på Stien/ Kvingo er for 2020 prioritert som nr 1 i kommunen sin handlingsplan for Kommunedelplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv 2017-2024.

Kvinge grendelag søkte i 2017 fylkeskommunen om spelemidlar til nærmiljøanlegget/turstien , og fekk tilsagn på kr 300 000. Grunna manglande finansiering måtte grendelaget seia frå seg dette tilskotet. Det viste seg at traseen for første del av stien med mykje sprenging måtte endrast grunna ustabil fjell og fare for utrasing. Innkomne anbod der dette partiet av turvegen var flytta medførte større kostnader.

Ein utsette difor prosjektet for å prøva å styrka eigenkapitalen. Mellom anna vart det søkt tilskot frå Gjensidigestiftinga, med tildeling i 2019.

I vilkåra for spelemidlar er det no gjort endringar som gjer at det er mogeleg å ta lysanlegg inn som tilleggsprosjekt og få særskild støtte til dette.

Ny søknad om tilskot til nærmiljøanlegg vart utarbeidd. Det vart utforma to søknader, ein søknad om tilskot til tursti og ein særskild søknad om tilskot til lysanlegg. Samla søknadssum er kr 600 000.

Søknader er fullt og heilt utarbeidd av Kvinge grendelag, og heile anlegget vert etablert på privat grunn. All dokumentasjon som krevst for å få godkjent søknaden, inkludert grunneigaravtalar på 20 år, er på plass.

Søknadane vart godkjende av Masfjorden kommune januar 2020 og sendt Vestland fylkeskommunen/ Kulturdep. innan fristen 15.januar 2020.

## Fakta

### Fysisk aktivitet og naturopplevingar for alle.

Det er i regi av innbyggjarar, grunneigarar og idrettslag over tid etablert organiserte turstiar i bygda og fjella rundt. Slik aktivitet krev litt organisering og det er kanskje dei som er aktive i utgangspunktet og som uansett tek vare på helse si som på denne måten brukar desse moglegheitene. Barn, ungdom, eldre og folk med nedsett funksjonsevne har avgrensa eller ingen tilbod som er eigna i det daglege. Med dette tiltaket ynskjer Kvinge grendelag å leggja betre til rette for fysisk aktivitet og naturopplevingar for alle innbyggjarane. Kvingo ligg geografisk midt på vegstrekning der det totalt bur ca 500 personar. Anlegget vil først og fremst bli nytta av lokalbefolkning, men også folk frå området rundt vil kunne nytta anlegget. Grendelaget har planar for vidare utvikling av området med oppgradering og påbygging av eksisterande rydda gangstiar. Det er lagt opp til trinnvis utbygging, tilpassa behov og kapasitet på finansiering og dugnad. Finansieringsplanen for anlegga syner ein total kostnad på kr 1 623 026 på prosjekt tursti og kr 770 384 på prosjekt lys. Dugnadsinnsatsen i prosjekt tursti er kr 606 365 og i prosjekt lys kr 344 250. Samla sett utgjer dugnadsinnsatsen kr 950 615. Både i prosent og sett i høve til total kostnad på anlegget er dugnadsdelen svært stor. Dugnaden er planlagt utført av lokalbefolkningen og i stor grad grunneigarane som i hovudsak er bønder. Her er det folk med allsidig kompetanse og med mykje maskiner og utstyr frå landbruksdrifta som eignar seg til denne type arbeid. I tillegg til handarbeid er det berekna ein stor del dugnad utført med gravemaskiner og traktorar med tilhengar og anna utstyr. Kostnadsoverslaga i søknaden er gått gjennom og dokumentert av fagperson og basert på eit godt berekna omfang og til dagens marknadspris.

Anlegget vil få gode estetiske kvalitetar og rettleiar frå Kultur- og kirke departementet vert førande for utforming av anlegget. Lys som står på heile tida er forureining og også skadeleg for dyrelivet. Det vert difor nytta LED-lys med rørslesensarar og automatikk som regulerer kva lyspunkt som lyser og at mengde lys er i forhold til behov.

Grendelaget har gjort ein stor innsats for å styrka eigenkapitalen i tiltaket. Gjensidigestiftinga har gitt eit tilsagn om støtte på kr 400 000. Dette er midlar som vert utbetalt etter kvart som ein har kostnader i prosjektet. Sparebanken Vest yter i tillegg støtte på kr 100 000 til lavvo/aktivitetsapparat i samband med turvegen. Dette er midlar som er halde utanfor sjølve spelemiddelsøknaden, men som likevel viser engasjement for å henta midlar som kan vera med på å løfta kvaliteten på heile anlegget.

I søknadane ligg det inne kommunalt tilskot kr 95 000 til veg og kr 40 000 til lys.

Det er venta svar på søknaden om spelemidlar mot slutten av mai 2020. Her kan ein venta seg eitt av tre ulike utfall:

1. Søknad blir underkjent grunna manglar og sendt til eigar og kommune for utbetringar.

I dette tilfellet må eigar og kommune lesa seg opp og utbetra søknad utifrå det som manglar / blir etterspurd, og senda søknad på nytt 2021.

2. Søknad blir godkjent og innvilga, men tilskot kr 600 000 først utbetalt etter kontrollert og godkjent rekneskap

Ved eit slikt utfall har praksis vore at kommunen forskotterer deler av kostnadane slik at ein unngår å ta opp lån for å starta anleggsarbeidet.

3. Søknaden blir godkjent, men berre delar av søknadssum blir innvilga.

Søklar må fornye søknaden neste år. Ved eit slikt utfall har og praksis vore at kommune forskotterer deler av kostnadane slik at ein kan kome i gang med anleggsarbeidet.

### Momskompensasjon

I mange år var innarbeidd praksis i Masfjorden kommune at kommunalt anleggsbidrag i samband med spelemiddelsøknader var momskompensasjon. Dette har forutsett at kommunen då betalte alle rekningane. Gradvis har denne praksisen måtte endra seg etter endringar i momskompensasjonsordninga og etter at det vart opna for at lag og organisasjonar kunne søkje momskompensasjon sjølve, er dette blitt ein mindre aktuell kommunal medfinansieringsmåte. Gjennom momskompensasjonsordninga for lag og organisasjonar vert det løyvd ein bestemt pott uavhengig av kor mange som søker om kompensasjon. Slik denne ordninga er laga er det difor ikkje automatikk i at alle momskostnadane blir kompensert. Søkjar ønskjer difor ein kommunal garanti for eventuelt ikkje kompenserte momsmidlar.

### **Vurdering**

Anlegget turveg på Stien/Kvingo har kommunal prioritet på nærmiljøanlegg. Kommunen må vera innstilt på å yta tilskot. Idrettsplanen legg ingen føringar for kommunal økonomisk medverknad, men praksis har vore at kommunen bidreg med tilskot, ev forskotteringar og momskompensasjon. Det bør vera praksis også i dette tiltaket.

### Universell utforming

Anlegget skal, som tidlegare nemnt, i hovudsak dekkja behov for dei som ikkje har helse eller førlegheit til å koma seg ut i naturen utanom tilrettelagte anlegg. Det gjeld først og fremst rørslehemma og eldre, men og barn og ungdom som her får ein trygg stad for trening og aktivitet. Anlegget vil få universell utforming og vert tilgjengeleg med rullestol.

I Kommunedelplanen for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet vert det påpeika at kommunen har lite med turstiar for denne målgruppa, og at tilbod er etterspurd.

### Skuleveg

Ein del av funksjonen til stien er skuleveg for born på Kvingebakken. Opplysningar i søknaden skildrar ein farleg skuleveg rundt Kalberget og Nord-Kvingeelva. Dei yngste elevane blir køyrt til frå skulebuss. Dette blei aktualisert etter at gjeldande Trafikksikringsplan vart utarbeida, og difor ikkje med i denne planen.

Tiltaket er i samsvar med målsetjingane i Kommunedelplan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet. Planen fokuserer på folkehelse. Punkt 1.4 (Målsetjing) i planen understrekar det som Kvinge grendelag no legg til rette for. Punkt 1.6 (Tiltak) er også i samsvar med dette tiltaket. Det er flott å oppleve at private legg til rette for at måla i Kommunedelplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv kan realiserast.

### Kommunal medfinansiering.

Anleggseigar har søkt om eit relativt lite kommunalt tilskot til eit så samfunnsnyttig prosjekt som er heimla i kommunale planar. Prosjektet er allereie godt finansiert, og med maksimal utteljing på spelemiddelsøknadane og ev andre søknader skal ein ikkje sjå bort frå at finansiering kan skje utan reint kommunalt tilskot.

### Kommunal forskottering

Alle delarbeida skildra i den innleverte spelemiddelsøknaden er gjennomtenkt og nøye kostnadsberekna og vil vere godt gjennomførbare innanfor budsjett. Arbeidet med søknaden ber preg av å vere utført med fagleg tyngde. Det er difor grunn til å tru at søknaden vil bli godkjent i år og at arbeidet vil starte opp med ein gong søknadene er godkjent uavhengig av om det vert gjort tilsagn om spelemidler eller ikkje. Det er difor sannsynleg at prosjektet vil ha behov for ei kommunal forskottering for at ikkje arbeidet skal stanse opp.

## Brøyting

Når det gjeld drift av anlegget er i utgangspunktet dette ikkje ei kommunal oppgåve. Foreldra til barna som vil nytta vegen som skuleveg må søkja om brøyting på lik linje med andre som treng ei form for tilrettelegging.

## Lysanlegg

Når det gjeld vedlikehald av lys er dette eit privat anlegg, men det kan opnast for at ein kan søkja om kommunal støtte dersom det er born som nyttar vegen som skuleveg.

## **Konklusjon**

Dersom søknaden blir godkjend i 2020, men ikkje får tilsagn er rådmannen innstilt på å forskottera delar av kostnadane for ikkje å få stopp i arbeidet.

Rådmannen meiner at Masfjorden kommune skal stille garanti for ikkje-momskompenserte kostnader gitt at alle søknadsfrister om å få kompensert moms vert overhalde frå anleggseigar si side.

Rådmannen meiner at anleggseigar har søkt om eit relativt lite kommunalt tilskot til eit så samfunnsnyttig prosjekt som er heimla i kommunale planar og rår til at Masfjorden kommune løyver kr 95 000 til veg og kr 40 000 til lys til dette prosjektet så sant rekneskapen viser at det er trong for det.

## **Formannskapet - 019/2020**

### **FS - behandling:**

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes tilrådd til kommunestyret.

### **FS - vedtak:**

Rådmannen får fullmakt til å forskottera delar av anleggskostnadane i prosjektet, etter konkret søknad frå anleggseigar.

Masfjorden kommune stiller garanti for ikkje-momskompenserte kostnader gitt at alle søknadsfrister om å få kompensert moms vert overhalde frå anleggseigar si side.

Det vert løyvd inntil kr 95 000 til veg og kr 40 000 til lys til dette prosjektet som kommunal medfinansiering, toppfinansiering, så sant prosjektrekneskapen viser at det er trong for det. Kostnadane vert finansierte over disposisjonsfond.

## **Kommunestyret - 021/2020**

### **KS - behandling:**

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak frå formannskapet vart samrøystes vedteke.



**KS - vedtak:**

Rådmannen får fullmakt til å forskottera delar av anleggskostnadane i prosjektet, etter konkret søknad frå anleggseigar.

Masfjorden kommune stiller garanti for ikkje-momskompenserte kostnader gitt at alle søknadsfrister om å få kompensert moms vert overhalde frå anleggseigar si side.

Det vert løyvd inntil kr 95 000 til veg og kr 40 000 til lys til dette prosjektet som kommunal medfinansiering, toppfinansiering, så sant prosjektrekneskapen viser at det er trong for det. Kostnadane vert finansiert over disposisjonsfond.

# Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Malin Daae Steine	FA-F03	19/564

Saknr	Utval	Type	Dato
020/2020	Formannskapet	PS	31.03.2020
022/2020	Kommunestyret	PS	14.05.2020

## Folkehelseoversikt Masfjorden 2019-2022

### Vedlegg:

Journalposttittel	Dato
FOLKEHELSEOVERSIKT 2019	11.03.2020
Statistikkgrunnlag folkehelseoversikt Masfjorden kommune 2019	11.03.2020

### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

**Folkehelseoversikt for Masfjorden 2019-2022 blir tatt til vitring.**

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn

Kommunen skal utarbeide eit samla oversiktsdokument kvart fjerde år som skal ligge til grunn for det langsiktige folkehelsearbeidet i kommunen, jf. Forskrift om folkehelse §5. Oversiktsdokumentet skal ligge føre ved oppstart med planstrategi etter plan- og bygningslova § 7-1 og § 10-1, og skal vere med på å danne grunnlag for kva planar som skal utarbeidast eller reviderast.

Oversikta skal identifisere folkehelseutfordringar og ressursar. I tillegg skal den innehalde faglege vurderingar av årsaksforhold og konsekvensar. Kommunen skal særleg vere merksam på trekk og utvikling som kan skape eller oppretthalde sosial og helsemessige problem, eller sosiale helseforskjellar.

#### Fakta

Den tverrfagleg arbeidsgruppe som har utarbeida oversiktsdokumentet har vore sett saman av;

Malin Daae Steine	Folkehelsekoordinator, konstituert helse- og omsorgsleiar
Anne Kristin Rafoss	Rådgevar
Marta Midtbø	Helsesjukepleiar
Rita Ludvigsen	Oppvekstleiar
Hildegunn Bjånes	Leiar heimetenestene
Rolf Tande	Kommuneoverlege
Dag Haarklau	Spesialsjukepleiar psykisk helse

Oversiktsdokumentet skal vere basert på fakta og fagleg kunnskap, og arbeidsgruppa har henta dette frå:

- Opplysningar som statlege helsemyndigheiter og fylkeskommunen gjer tilgjengeleg
- Kunnskap frå dei kommunale tenestene
- Kunnskap om faktorar og utviklingstrekk i miljø og lokalsamfunn som kan ha innverknad på befolkninga si helse

I forskrift om oversikt over folkehelse §3 er det eit krav til at oversikta skal omfatte opplysningar og vurderingar av:

- Befolkningssamansetning: Innbyggjar tal, alders- og kjønnsfordeling, sivilstatus, etnisitet, flyttemønster.
- Oppvekst – og levekårforhold: Økonomiske vilkår (andel med høg – og låg inntekt, inntektsforskjellar), bu – og arbeidsforhold (tilknytning til arbeidslivet, sjukefråvær, uføretrygd), og utdanningsforhold (andel med høgare utdanning, fråfall i vidaregåande skule)
- Fysisk, biologisk, kjemisk og sosialt miljø: Drikkevatt – og luftkvalitet, nærmiljø, tilgang til fri- og friluftsområder, sykkelvegnett, antal støyplager, oversikt over smittsame sjukdomar, organisasjonsdeltaking, valdeltaking, kulturtilbod, sosiale møteplassar.
- Skade og ulykker
- Helserelatert åtferd: Fysisk aktivitet, ernæring, bruk av tobakk og rusmiddel, tannhelse, risikoåtferd som kan gi utslag i skader og ulykker.
- Helsetilstand: Informasjon om førekomst av sjukdomar der førebygging er viktige som psykisk lidingar, hjerte – karsjukdomar, type 2- diabetes, kreft, kroniske smerte og belastningssjukdomar.

Oversiktsdokumentet skal vere allment tilgjengeleg slik at frivillige organisasjonar og befolkninga får tilgang til informasjon som grunnlag for å medverke i beslutningsprosessar som har betydning for folkehelsa jf. Forskrift om oversikt over folkehelse § 8.

### **Vurdering**

Masfjorden kommune var med i KS nettverk i 2018 og starta då prosessen med revidering av folkehelseoversikta. Statistikkgrunnlag blei oppdatert og lagt til grunn for revidering og utarbeiding av folkehelseoversikta.

Statistikkgrunnlaget vart og sendt ut til elderråd, ungdomsråd og råd for mennesker med nedsett funksjonsevne for drøfting og med moglegheit for innspel. I tillegg har statistikkgrunnlaget vore diskutert på utvida leiarsamling.

Etter innspel frå råd, leiargruppa og fagleg vurdering i arbeidsgruppa er det utarbeida folkehelseoversikt for Masfjorden kommune med vurdering av årsaksforhold og konsekvensar for folkehelsa i kommunen utifrå statistikkgrunnlaget. Ein har kartlagt noverande ressursar og kome med innspel til mogleg framtidige tiltak under kvart emne. Til slutt i dokumentet er det ei oppsummering av utfordringsbildet med prioriterte områder for det vidare arbeidet med folkehelsa i kommunen.

Folkehelsearbeid er eit stort område som påverkar alle tenestene og heile lokalsamfunnet. Det er viktig at dette er eit «levande» dokument som blir oppdatert med relevante statistikkar etter kvart som dei blir tilgjengeleg. I tillegg kan ein nytte andre karleggingsverktøy som ungdata, brukarundersøkingar og kommunen si årlege folkehelseprofil i arbeidet med å halde jamnleg oversikt over folkehelsa i kommunen.

### **Konklusjon**

Rådmann tiltrår at folkehelseoversikt blir tatt til vitring.

## **Formannskapet - 020/2020**

### **FS - behandling:**

Konstituert Helse- og omsorgsleiar Malin Daae Steine møtte til denne saka.

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes tilrådd til kommunestyret.

### **FS - vedtak:**

Folkehelseoversikt for Masfjorden 2019-2022 blir tatt til vitring.

## **Kommunestyret - 022/2020**

### **KS - behandling:**

Konstituert Helse- og omsorgsleiar Malin Daae Sleire møtte til denne saka.

Saka vart drøfta.

Jostein Duesund (FrP) bad om at følgjande vart protokollert:

Masfjorden FrP forslår auka innsats på sjukefråværsarbeidet for kommunen sine tilsette. Det må investerast i sjukefråværsarbeidet innan tilrettelegging og tilpasning, slik at sjukefråværet vert redusert. Kommunestyret må setja eit mål for sjukefråværet, som administrasjonen skal arbeida for å oppnå. Dette må innarbeidast i budsjett for 2021.

Framlegg til vedtak frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

### **KS - vedtak:**

**Folkehelseoversikt for Masfjorden 2019-2022 blir tatt til vitring.**

# Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Rita Ludvigsen		20/392

Saknr	Utval	Type	Dato
036/2020	Formannskapet	PS	27.04.2020
023/2020	Kommunestyret	PS	14.05.2020

## Handlingsplan mot vald i nære relasjonar 2020-2023

### Vedlegg:

Journalposttittel	Dato
Handlingsplan vold i nære relasjonar Masfjorden kommune 2020 - 2023 rl 21.04.20	22.04.2020

### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Rådmann sitt framlegg til vedtak:

Handlingsplan mot vald i nære relasjonar 2020-2023 vert vedteken slik den ligg føre.

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn

Stortingsmelding 15 (2012-2013) *Forebygging og bekjempelse av vald i nære relasjonar*

Det er søkelyspå temaet om vald i nære relasjonar i samfunnet generelt. Frå sentrale styresmakter er det oppmoda om å lage handlingsplanar som syner korleis kommunane arbeider for å forebygge,avdekke og avskjerme vald i nære relasjonar. Masfjorden kommune laga ein plan i 2013 som no vert følgd opp med ein ny.

Tidlegare helse og omsorgsleiar starta arbeidet på den nye planen, som no er ferdistillt av oppvekstleiar i samarbeid med konstituert leiar for helse og omsorg.

#### Høyring

Planen er gjennomgått og drøfta i tverrfagleg støtteteam.

#### Fakta

Det er vektlagt i planen no som sist at den skal vera konkret, avgrensa i omfang, og lett å setja seg inn i. Den bygger på situasjonen og behov i Masfjorden. Vi treng brei oppslutning i det kommunale tenesteapparatet og vi treng tryggleik slik at innbyggjarane også tør å ta kontakt direkte. Planen har lenker til aktuelle adresser og tlf. nr som kan vera aktuelle å nytta.

#### Vurdering

Rådmannen meiner at planen set fokus på viktige tema, som har stort fokus. Ein anerkjenner at der er utfordringar i samfunnet generelt og hos oss. Det medfører at valdsutsette ser at vi er

opptatt av dette, og at ein ikkje er aleine om å oppleve vald.

#### **Konklusjon**

Rådmannen rår til at planen vert vedteken slik den no ligg føre.

### **Formannskapet - 036/2020**

#### **FS - behandling:**

Framlegg til vedtak vart samrøystes tilrådd til kommunestyre.

#### **FS - vedtak:**

Handlingsplan mot vald i nære relasjonar 2020-2023 vert vedteken slik den ligg føre.

### **Kommunestyret - 023/2020**

#### **KS - behandling:**

Oppvekstleiar Rita Ludvigsen møtte til denne saka.

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

#### **KS - vedtak:**

Handlingsplan mot vald i nære relasjonar 2020-2023 vert vedteken slik den ligg føre.

# Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Frode Vee-Haugen	FA-U60	20/342

Saknr	Utval	Type	Dato
037/2020	Formannskapet	PS	27.04.2020
024/2020	Kommunestyret	PS	14.05.2020

## Revisjon av alkoholpolitisk handlingsplan for 2020 - 2024

### Vedlegg:

**Journalposttittel**

Framlegg til alkoholpolitisk handlingsplan.docx

**Dato**

01.04.2020

### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

**Framlegg til alkoholpolitisk handlingsplan vert vedteke slik den ligg føre vedlagt**

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn

Alkoholpolitisk handlingsplan skal reviderast minimum ein gong i kommunestyrebolken, jf. Pkt 3.1 – Tiltak og kontroll

#### Fakta

Alkoholpolitisk handlingsplan er eit viktig styringsdokument for alkoholpolitikken til kommunen og lovpålagt i alkohollova jf. § 1-7d.

Alkohollova brukar ikkje omgrepa øl, vin og brennevin men:

Alkoholhaldig drikk gruppe 1: Over 2,5 og høgst 4,7 volumprosent alkohol.

Alkoholhaldig drikk gruppe 2: Over 4,7 og mindre enn 22 volumprosent alkohol.

Alkoholhaldig drikk gruppe 3: Mellom 22 og 60 volumprosent alkohol.

Framlegget til ny handlingsplan er oppdatert i høve til denne definisjonen.

Ambulerande løyver og andre lukka einskildarrangement er innarbeida i alkoholpolitisk handlingsplan slik at eksisterande skjenkestader kan få innarbeida slike arrangement som ein del av løyvet.

#### Einskildløyver for arrangement

For løyve som gjeld skjenking ved eit einskild høve og ambulerande løyve, kan departementet setta ein særskild gebyrsats. Det er kommunestyret som fastset gebyret.

Departementet har i alkoholforskifta fastsett at minstegebyret for sal skal vera 1.700,- og for skjenking kr. 5.300,-.

Desse gebyra vert nytta dersom satsane basert på etter innlevert omsetningsoppgåver frå den einskilde sals- og skjenkestad vert liggande under minstegebyret.

## **Kontaktutval for sals- og skjenkekontrollen**

Noverande kontrollordning blei oppretta av Regionrådet for Nordhordland og Gulen 4.09.1997. Kommunane vart oppmoda om å velja eit interimsstyre med to hovudoppgåver:

1. Arbeide fram eit utkast til administrative oppgåver, gjeremål og mynde for styret.
2. Eventuelt vere styre for ordning i perioden fram til hausten 1999(ut noverande kommunevalperiode)

5. februar 1998 vart fyrste møte i kontaktutvalet halde der det heiter at:

Kontaktperson / koordinator for alkoholkontrollar m.m. bør liggja til Lindås kommune.

Kontaktutvalet vert etablert minst mogleg byråkratisk og bør koma saman eit par gonger for året (etter behov)

Føremålet med kontaktutvalet var å få etablert eit fagleg forum for handsaming av løyvesaker og saker retta mot kontrollar m.v. Utvalet vart såleis eit samråd mellom sakshandsamarane i kommunane. Sekretariatet har heile tida lege i Lindås kommune.

Dei siste åra har me hatt to møter i utvalet årleg da gjerne saman med kontrollørane.

### **Kontrollrapportar**

Alkoholova krev at rapport skal sendast til sals- eller skjenkestad innan ei veke, med høve til å uttale seg innan to veker. Eventuell uttale frå løyvehavar skal så sendast saman med rapporten til kommunen, forskriftene til alkoholova § 9-6, jf. alkoholova § 1-9. Frå og med i år blir kontrollrapportane sende på elektronisk skjema til kommunen, rett etter kontroll.

Alkoholforskrifta krev no at også kontrollørane skal ha greidd kunnskapsprøven og at kontroll av skjenkestader skal utførast av minst to kontrollørar, jf. forskriftene §§ 9-3 og 9-5.

### **Gebyr for skjenkeløyve ved enkelthøve- storleik på gebyr**

Masfjorden kommune har få permanente skjenkestader. Kommunen får stadig fleire søknader om einskildløyve.

Forskriftene gjev løyvestyresmaktene høve til å ta eit minstegebyr på kr. 380 ved ambulerande løyver, jf. forskriftene til alkoholova § 6-1. Når det gjeld løyve for ein bestemt anledning(einskildløyve), jf. alkoholova § 1-6, 2. ledd. skal det betalast eit minste gebyr på kr. 5.300, jf. forskriftene § 6-2, 2. ledd. Forskriftene opnar for at løyvestyresmaktene i særlege tilfelle kan

setta gebyret lågare enn ordinært minstegebyr. Det vert lagt til grunn at løyvestyresmaktene er nærmast til å gjera vurderinga av i kva for tilfelle det vil gje eit svært urimeleg resultat å bruka minstegebyret, jf. forskriftene § 6-2, 7. ledd.

I handlingsplan for 2016 – 2020 har me kravd inn eit minstegebyr på kr. 340 for mindre einskildarrangement og kr. 1.000 for større einskildarrangement, da det elles ville bli altfor dyrt for ein arrangør i ein så liten kommune.

### **Frist for søknader om skjenkeløyve ved enkelthøve.**

Me har til no ikkje operert med frist for innsending av søknad om skjenkeløyve ved einskildhøve. Nokre søknader har kome i siste liten eller svært seint, slik at det vert knapp tid for dei som skal gje uttale, og kort varsel til skjenkekontrollen.

### **Krav til løyvehavar.**

Det er ikkje noko krav om kunnskapsprøve ved skjenkeløyve for einskildhøve. Det er likevel slik at ein festival eller eit større arrangement stiller vel så store krav til løyvehavar som eit permanent løyve. Sjølv om festival eller arrangement skal skje berre over ein dag, så kan konsekvensane bli store dersom ikkje arrangør og eller løyvehavar har tilstrekkeleg innsikt i alkoholova og praktiseringa av den.

### **Reaksjonar ved brot på alkoholova – prikktildeling**



Dette er lagt inn som nye reglar i kapittel 7 – Inndraging av løyve - i handlingsplanen.

Alkoholforskrifta i §§ 10-1 til 10-6 inneheld eit system for prikktildeling ved brot på løyvehavar sine alkoholrettslege plikter. Reglane inneber at ulike brot blir tildelt eit visst tal prikkar og der 12 tildelte prikkar i løpet av to år fører til ein standardreaksjon på inndraging i ei veke.

I alkoholforskrifta er det nemnt eksempel på kva som fører til tildeling av ein, to, fire eller 8 prikkar.

Dersom løyvehavar i løpet av ein periode på to år er tildelt til saman 12 prikkar, skal kommunestyret inndra løyvet for eit tidsrom på ei veke. Dersom det i løpet av to-årsperioden blir tildelt fleire enn 12 prikkar skal kommunestyret auke lengda på inndraginga tilsvarande.

Ordninga er obligatorisk, og kommunar er pliktig til å følgje dei reglane som følgjer av forskrifta. Prikktildelingssystemet er heima i alkohollova § 1-8 tredje ledd.

Det er kommunen ved rådmannen som tek stilling til om eit brot skal gje prikktildeling og i så fall kor mange. I alkoholforskrifta er det synt til eksempel på kva som fører til tildeling av ein, to, fire eller åtte prikkar.

## Vurdering

Det er praktisk at også lukka arrangement vert omfatta av alkoholpolitisk handlingsplan og at desse arrangementa vert handsama som ein del at det ordinære skjenkeløyvet for skjenkestadane.

I handlingsplanen er det sett skilje mellom opningstider og løyve for lukka einskildarrangement og det ordinære løyve elles. Det ville også vera unaturleg om skjenkestader på lik linje med overnattingsstader ikkje skulle få løyve for alkoholgruppe 3 når det gjeld f. eks. bryllaup, jubileum, julebord etc.

Når det gjeld einskildarrangement kan eit minstegebyr på kr. 5.300 gjera nokre av dei små einskildarrangementa til reine tapsprosjekt. Masfjorden kommune har frå og med 2016 kravd eit gebyr på kr. 340,- for mindre arrangement og kr. 1.000,- for større arrangement som omfattar heile kommunen, for eksempel dei tidlegare Kraftspela og kultur dagar. Det er rimeleg at desse gebyra vert sett høgare enn for ambulerande løyver, da dei krev meir sakshandsaming samt har større inntening fordi det er opne arrangement. Sjølv om satsane er auka i alkoholforskrifta så ser eg ikkje behov for

å oppjustere desse satsane for kommunen no, med unntak for minstesatsen til 380.

Masfjorden kommune bør stilla krav om kunnskapsprøve også for alle einskildhøve.

Reaksjonar for brot på alkohollova med nytt prikkssystem er også lagt inn som ein del av alkoholpolitisk handlingsplan for 2020 – 2024. Kontrollørane skal ikkje innstille på reaksjonsformer med tal prikkar. Dette er noko kommunen må ta stilling til i høve til de reglane som er skissert i forskrifta.

Kontaktutval for sals- og skjenkekontrollen bør halda regelmessige møter minst to gonger i året for å evaluere og samordne kontrollordninga, samt rapportere tilbake til kontrollutvalet for sals- og skjenkestader v/formannskapet.

I punkt 4. Skjenkeløyve 4.1 bør ein definere kva som ligg i overnattingsverksemdar. Skal skjenkestad med f. eks. to overnattingsrom definerast som overnattingsstad eller er det der driftskonseptet er basert på overnatting. Tilsvarande dilemma frå ein også der ein konkurrerer med sals- og skjenkereglar i nabokommunen. Er det relevant moment?

Når det gjeld tilhøvet til andre planar(kap. 6 i handlingsplanen) så er det eit spørsmål om strategisk næringsplan no har gått ut på dato og framleis relevant. I kommunedelplan for helse- og omsorg er det ikkje nemnt noko om rusførebygging direkte i denne planen, men den vil likevel legge føringar på alle tiltak som kan førebygge helseskade, difor er denne teke med som eit nytt underpunkt.

## Konklusjon

Alkoholpolitisk handlingsplan vert revidert i samsvar med reglane for nytt prikkbelastningssystem. I tillegg bør alkoholpolitisk handlingsplan også omfatte lukka einskildarrangement som i noverande

plan.

## **Formannskapet - 037/2020**

### **FS - behandling:**

Saka vart drøfta.

Rådmannen blir beden om å oppdatere handlingsplanen etter diskusjon i formannskapet før kommunestyret.

Framlegg til vedtak vart samrøystes tilrådd til kommunestyret.

### **FS - vedtak:**

Framlegg til alkoholpolitisk handlingsplan vert vedteke slik den ligg føre vedlagt

## **Kommunestyret - 024/2020**

### **KS - behandling:**

Saka vart drøfta.

Torill Torsvik Størkersen (Ap) sette fram følgjande framlegg til endring:

Alkoholpolitisk handlingsplan skal sendast tilbake til administrasjonen for å bli utarbeida betre i forhold til:

1. Om kommunens plikt til å vurdere alkoholpolitikken.
2. Løyveperiode. Fornying av løyve utan ny søknad (endring 2019)
3. Generelle bestemmelser i høve gruppe 1, 2 og 3 og kva det inneber. Det vil sei, definisjonar på "serveringsstader", "hotell", "stader med liten eller ingen matservering", "selskapslokaler" og "slutta selskap"
4. Retningslinjer for å avgrense eventuelle skadelege verknader av alkoholskjenking og retningslinje for tildeling.
5. Forklare skilje mellom salsløyver og serveringsløyver
6. Løyve til uteservering, og kva dette inneber.
7. Aldersgrense på 20 år i høve serveringsstadar som får løyve gr. 3
8. Planen må på høyring.

### **Desse punkt må utgå:**

2.6 Masfjorden kommune gjev støtte til sertifikat for ungdom som går på haldningsskapande kurs.

### **Endring:**

Tittel: Ruspolitisk handlingsplan

Kap. 2 Rådmann bør ha jamnelege møter med politikontakt.

Samarbeidsmøter med lag og organisasjonar, foreldre min. 1 gong per kommunestyreperiode.

Førebyggjande arrangement for ungdom.

4.1 Skjenkeløyve for alkoholhaldige drikk gruppe 1, 2 og 3 kan berre tildelast følgjande

konsept:

- Skjenkestader med liten eller ingen matservering
- Hotell
- Selskapslokale
- Serveringsstader

4.5 Frist for å søkja skjenkeløyve for einskildarrangement, vert sett til 3 veker.

5.1 Endre: For skjenking i gruppe 1 og 2: kl. 13 – 02

#### Legg til punkt

For skjenking i gruppe 3:

Kvardagar: kl.13 - 24

Fredag og laurdag: kl. 13 – 01.00

Atle Nordland (H) sette fram følgjande framlegg til endring i alkoholpolitisk handlingsplan:

#### **Pkt. 3.6. ordet «berre» vert tatt ut i første setning. Ny første setning blir då slik:**

Salsløyve for alkohol i alkoholgruppe 1, kan gjevast til daglegvarebutikkar.

#### **Ny setning nr. 2 vert føreslått slik:**

Salsløyve for alkohol i alkoholgruppe 1 og 2, kan gjevast til næringsaktørar som er godkjent for å tilverke alkoholholdig drikke i tråd med gjeldande lovverk.

#### **Pkt. 4.1. Forslag til ny tekst:**

Skjenkeløyve for alkoholhaldig drikk gruppe 1, 2 og 3 vert gjeve til kafear/serveringsstader som gjev allsidig mattilbod.

Næringsaktørar som er godkjent for å tilverke alkoholholdig drikke i tråd med gjeldande lovverk kan få skjenkeløyve for alkohol i alkoholgruppe 1 og 2.

#### **Pkt. 5.1. Forslag til korrigerede tider:**

For skjenking gruppe 1 og 2: kl 13.00 – 02.00

For skjenking i gruppe 3: kl 17.00 – 02.00

Lukka arrangement gruppe 1, 2 og 3 kl 17.00 – 02.00

Ordfører Karstein Totland (H) spurde om det vart behov for guppemøte for å verte samde og heva møtet.

Etter gruppeleiar møtet vart ein samd om å støtte framlegget til H mens framlegget til AP vert lagt med saka som punkt og moment i samband med rullering av planen.

Endringsframlegget frå H vert følgt opp i kommunestyre sakene 25 og 26/2020

#### Røysting:

Rådmannen sitt framlegg til Alkoholpolitisk handlingsplan vert sett opp mot endringsforslaga frå H.

Framlegg til alkoholpolitisk handlingsplan med endringsforslaga frå H sett fram i møtet vart vedteke mot ei røyst (KrF).

#### **KS - vedtak:**

**Framlegg til alkoholpolitisk handlingsplan med endringsforslaga frå H sett fram i møtet vert**

vedteke.

# Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Frode Vee-Haugen	FA-U63	20/134

Saknr	Utval	Type	Dato
039/2020	Formannskapet	PS	27.04.2020
025/2020	Kommunestyret	PS	14.05.2020

## Nye skjenkeløyver for 2020 - 2024

### Vedlegg:

#### Journalposttittel

Vedlegg 2 - oversiktsteikning over lokalet

Teikning.pdf

#### Dato

02.03.2020

06.03.2020

### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. Nye skjenkeløyve vert tildelt desse løyvehavarane v/dagleg leiar:  
Berit Karin Lygre, 5981 Masfjordnes – Fjordtun kafé AS.  
Kariann Ekren, 5981 Masfjordnes – Snikkarbua AS, ved Kvingo nærkjøp.  
Kristine Brekke, 5981 Hosteland – Kritthuset AS i Fensfjordbygg
2. Desse vert godkjend som styrar og avløyssarar for skjenkeløyvet:  
Fjordtun kafé AS – Styrrar: Berit Karin Lygre, 5981 Masfjordnes.  
Avløyssar: Åsmund Kvinge, 5981 Masfjordnes  
Snikkarbua kafe og pub – Styrrar: Karianne Ekren, 5981 Masfjordnes  
Fritak for avløyssar  
Kritthuset AS – Styrrar: Kristine Brekke, 5986 Hosteland  
Avløyssar: James Philip Palmer, 5986 Hosteland
3. Løyvet omfattar desse lokala/uteareal:  
**Sandneskafeen:**  
- Hovudlokale 1. etasje ca. 100 m2.  
- Uteområdet ca. 100 m2 med merka område i inngjerda og skjerma hage.  
**Snikkarbua pub og kafe:**  
Eksisterande lokale med tilknytning til Kvingo nærkjøp på 137 kvm.  
På baksida eit avgrensa uteareal på 118 kvm med tak og gjerde rundt.  
På framsida eit avgrensa uteareal på 134 kvm med vilkår at området for uteservering ikkje er innestengd med vegg i tidsrommet for servering og skjenking. Heile veggområdet må vere opent, men med tydeleg avgrensing av arealet.  
**Kritthuset:**  
1. etasje i Fensfjordbygget, lokalitet på 80 kvm.
4. Løyva gjeld for øl og vin og vert gjeve alle dagar frå kl. 13.00 til kl. 01.00.
5. For slutta selskap gjeld utvida løyve for alkohol i gruppe 1, 2 og 3 slik:  
Alle skjenkestader frå kl. 13.00 til kl. 02.00.
6. Det er eit vilkår at det vert matsservering i både pubdel og kafeteriadel av lokala.
7. Skjenkeløyvet gjeld frå og med 01.04.2020 til og med 31.03.2024, jf. alkohollova § 1-7.

## Heimel

Alkohollova med forskrifter

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn

Det er tre skjenkestader som søker om nye skjenkeløyver for perioden 2020 til 20204:  
Sandneskafeen v/Berit Karin Lygre, 5981 Masfjordnes.

Eksisterande løyveperiode for alle skjenkestader gjeld fram til 31.03.20. Løyvet gjeld likevel til utgangen av den månaden der løyvet vert endeleg avgjort, jfr. alkohollova § 1-6, siste ledd. Kommunen har informert eksisterande løyvehavarar med brev om ein søknadsfrist den 01.04.20.

#### Uttale

Skatteoppkrevjaren har i e-post datert 31.03.20 gjeve slik uttale:

Skatteoppkrevjaren i Masfjorden har ingen merknader til søknadane om serverings- og skjenkeløyve for:

993608777 Snikkarbua Kafe og Pub

918775625 Fjordtun kafé AS

924384913 Kritthuset AS

Lensmannen har i brev datert 26.03.20 gjeve slik oppdatert uttale:

«Viser til brev av 17.3.2020.

Politiet har ikkje merknader til at det vert gjeve sals- og skjenkeløyve som søkt om. Vi har ikkje registrert problem i samband med dei aktuelle skjenkeløyva. Politiet har ikkje merknader til dei ansvarlege.»

NAV Masfjorden sosialtenesta har den 18.03.2020 gjeve slik uttale:

NAV Fensfjorden har vurdert søknader om nye sals- og skjenkeløyver frå:

Org.nr. 993608777 Snikkarbua Kafe & Pub v/Kariann Ekren

Org.nr. 924384913 KRITTHUSET AS v/Kristine Brekke Brosvik

Org.nr. 918775625 Fjordtun kafe AS v/Berit Karin Lygre

#### Fakta

Alle søkarane søker om allment skjenkeløyve i 4 år slik:

#### Fjordtun Kafé AS

Eksisterande løyve gjeld innandørs alle dagar frå kl. 13.00 – 01.00 og utandørs alle dagar frå kl. 13.00 - kl. 01.00. Alkoholgruppe 1 og 2.

- Hovudlokale i 1. etasje inngang frå/til hovudlokale og uteområde med inngjerda og skjerma hage. Inngang frå/til hovudlokale.

Skjenkestadane søker om oppattnying av eksisterande skjenkeløyve. Ute-arealet er rekna til 60m<sup>2</sup> og inne-arealet til 75m<sup>2</sup>. Uteområdet vil bli brukt til uteservering i sommarhalvåret for gjester som ynskjer å nyta mat og/eller drikke utandørs.

Har pr. no ikkje fått innlevert teikning over innandørs og utandørs skjenkeareal.

I søknaden vert det opplyst om at:

«Dagleg leiar/løyvehavar vil sjå til at regelverket vedkomande sal og servering av alkohol vert etterlevd. Aldersgrense er her sett til 18 år, som vil gjelda på reine pubkveldar. Verksemda fungerer til dagleg som kafé, der alle har tilgang. Opningstida er ulik frå partalsveker til oddetalsveker, måndag og tysdag i utgangspunktet stengt, men kan vera ope for lukka lag. Ved større arrangement som konsertar o.l., kan opningstida laurdag bli som oppsett

fredag, dvs. til kl. 01.00.»

Berit Karin Kvinge er ført opp som dagleg leiar og styrar for skjenkeløyvet medan Åsmund Kvinge er ført opp som avløyсар. Begge har kunnskapsprøven i alkohollova.

### Snikkarbua Kafe & Pub:

Eksisterande løyve gjeld innandørs alle dagar frå kl. 13.00 – 01.00 og utandørs etter nærare vilkår alle dagar frå kl. 13.00 - kl. 01.00. Alkoholgruppe 1 og 2.

Snikkarbua søker om oppattnying av løyve alle dagar frå kl. 13.00 til kl. 02.00 og for alkoholgruppe 1, 2 og 3 med høgst 60% alkoholinnhald. Tal sitteplassar innandørs er 200 og tal sitteplassar utandørs er 50. Arealet er vist på vedlagt teikning.

I søknaden vert det opplyst om type verksemd:

«Kafe og pub. Me driv også bubilparkering. Og me har utleige til overnatting i "solariumet". Der har me 2 rom. På grunn av at me no har overnatting tilgjengeleg søker me om skjenkeløyve med høgst 60%.»

Skjenkeareal utandørs er 270 kvm og innandørs 136,7 kvm.

Om bruk av arealet:

«Me har eit uteareal på framsida av puben. På baksida har me nytt uteareal med tak og gjerde rundt. Det er på grunn av denne plassen me no søker nytt løyve.»

Rutinar:

«Me har vakter ved utgangar og inngang. Me kontrollerer uteområdet jamleg, at ingen drikk utanfor. Det blir sjekka legitimasjon ved inngang til puben. Dersom det er dagtid blir legitimasjon sjekka ved sal.

Dagleg leiar og styrar for verksemda er Kariann Ekren. Dei har ikkje meld inn avløyсар for verksemda på grunn av storleiken.

### Kritthuset AS

Denne serveringsstaden har ikkje skjenkeløyve frå før. Den skal ha sin lokalitet i fyste etasje i Fensfjordbygget.

Serveringsstaden søker om skjenkeløyve alle dagar frå kl. 09.00 til kl. 02.00 innandørs for alkoholgruppe 1, 2 og 3 med høgst 60 % alkoholinnhald.

Type verksemd oppgjeve som kafe/konditori:

«Kritthuset AS søker om skjenkeløyve på grunnlag av at vi har lyst å ha moglegheitene til å skjenke alkohol til gjester. Vi vil også ha moglegheita til å ha eit samlingspunkt for gjester i helgene ein gang i blant på kveldstid. Vi søker om gruppe 1, 2 og 3, og håper vi kan få alle gruppene. Vi har ingen moglegheiter til overnatting, men ønsker å søke om gruppe 3 på grunnlag av at vår største konkurrent, Dalsøyra kafé og pub, har denne gruppa også, og vil da være meir attraktivt for besøkande å heller nytta seg av konkurrentane sitt serveringstilbod i Gulen kommune, der det ikkje er krav om overnatting for skjenking i gruppe 3.»

Tal på sitteplassar innandørs er sett til 40 med eit areal på 80 kvm.

Mattilsynet har godkjend lokalet pr. 27.01.2020. Søknad om byggeteknisk godkjenning er under handsaming.

Rutinar:

«Det skal under ingen omstendigheter være i tvil om den personen som får skjenket alkoholholdig drikk i gruppe 1 og 2 er over 18 år, og skjenking av alkoholholdig drikk i gruppe 3 må ikke skje til personer under 20 år, selv om vedkommende viser frem skriftlig fullmakt fra foreldre, foresatte eller andre. Ansatte på salgs- og skjenkesteder har ved tvil om alder rett og plikt til å kreve legitimasjon. Og hos oss i Kritthuset skal det alltid sjekkes om vedkommende er yngre enn 25 år.»

«En utfordring for Kritthuset AS er at gjester tar med alkohol ut av lokalet for f.eks. ta seg en røyk. Da Kritthuset ikke har skjenkeløyve utenfor lokalene inne er dette noe som må passe ekstra på at gjester ikke gjør.»

«For å begrense at gjester medtar alkohol ut av lokalet må vi sette opp eit bord nært inngangen, ved serverings disken der det blir enkelt å sette fra seg og for ansatte å ha eit overblikk over alkoholen mens gjesten er ute. Vi må også gi informasjon om at alkoholen ikke kan drikkes utenfor lokalene innendørs.»

Som dagleg leiar og styrar for verksemda er oppgjeve Kristine Brekke, 5981 Hosteland. Som avløyser er oppgjeve James Philip Palmer, 5986 Hostelandslia. Begge har kunnskapsprøven i alkohollova.

## Gjeld alle søkjarar

Alle søkjarane har lever attest for skatt- og meirverdiavgift.

Alle søkarane med styrarar og avløyserar har dokumentert kunnskap om alkohollova ved at dei har stått i kunnskapsprøven som Masfjorden kommune har halde, jfr. alkohollova § 1-7c, 3. ledd.

## Vurdering

Kommunen har til no ikkje motteke kontrollrapportar eller klager av nokon art som tyder på at reglane i alkohollova med forskrifter ikkje har vore følgt for skjenkestadene som har søkt om løyve. Erfaringane med dei etablerte løyva så langt har vore gode.

Lensmannen, skatteoppkrevjaren og NAV Fensfjorden har ingen merknader til at tidlegare løyvehavarar får oppattnya skjenkeløyva og at Kritthuset AS får nytt løyve.

Ingen av skjenkestadene er typiske nærområder for barn og ungdom, slik dei no er definert i alkoholpolitisk handlingsplan pkt. 2.4: "Opphaldsstader og nærområder for born og unge er definert som samlingsstader som vert brukt til leik, aktivitetar i skule og/eller fritid.



Prinsippet om likebehandling av skjenkesøknader må stå sterkt, det same gjeld behovet for harmonisering av dei lokale skjenkevilkåra.

Det skal sterke grunnar for å ha vesentleg ulike opningstider mellom skjenkestadene eller aldersgrense for nokon men ikkje for andre. Argumentasjonen for at nokre av skjenkestadane er meir opphaldsstader for barn og ungdom enn andre må vera sterk. Både barnehage og skule ligg eit godt stykke unna dei fleste skjenkestadene.

Alle skjenkestadene er i større eller mindre grad ein del av det totale reiselivsproduksjonen i kommunen sjølv om ikkje alle har overnattingsstilbod, sjå også pkt. 6 i alkoholpolitisk handlingsplan.

I alkoholpolitisk handlingsplan pkt. 4.1 er der slått fat at «Skjenkeløyve for alkoholgruppe 3 vert berre gjeve til overnattingsverksemder.»

Spørsmålet å ta stilling til blir da om Snikkarbua pub og kafe AS kjem inn under kriteriet overnattingsverksemd. Dei har opplyst at dei driv bubilparkering og at dei har utleige til overnatting i "solariet" der dei har to rom. Det er noko tvilsamt om tilbod om to rom er å rekne som overnattingsverksemd. I så fall bør alkoholpolitisk handlingsplan justerast slik at det blir tilstrekkeleg å berre tilby overnatting for å kunne ha skjenkeløyve i gruppe 3.

Kritthuset AS søker også om utvida skjenketid til kl. 2.00 og skjenking i alkoholgruppe 3. Her vert det argumentert med konkurransesituasjon i høve til skjenkestader i nabokommunen Gulen, som for eksempel Dalsøyra kafe og pub. Dei kan nok da kome i ein slik konkurransesituasjon. I dette tilfelle bør også alkoholpolitisk handlingsplan endrast om dette skal vere eit tungtvegande moment.

Gjeldande plan gjev ikkje høve til utvida skjenketid og/eller alkoholgruppe i høve til konkurransesituasjon eller avgrensa overnatting. Brennevinsløyve(gruppe 3) har uansett ikkje blitt tildelt for lenger tid enn til kl. 24.00 som i førre periode gjaldt for ei tydeleg definert overnattingsverksemd.

Etter ei samla vurdering vert det gjeve skjenkeløyve for desse tre skjenkestadane mellom kl 13.00 og 01.00 i samsvar med reglane for opningstider i alkoholpolitisk handlingsplan. Innan for dette tidsrommet kan den enkelte verksemd sjølv avgjera skjenketidene. Det vert ikkje sett aldersgrense for tilgang til lokalet, da dette kan virka urimeleg for familiar og barn og ungdom som ynskjer å kjøpa mat på dagtid.

Etablerte skjenkestader som alt har løyve bør også i denne løyveperioden få utvida løyve i samband med lukka einskildarrangement eller såkalla slutta lag.

Løyvehavarane har dokumentert gode kunnskarar om alkohollova sine reglar ved at både styrarar og avløyssarar har greidd kunnskapsprøva som kommunen har halde.

## Konklusjon

Det vert gjeve skjenkeløyve for øl og vin for alle søkjarane frå kl 13.00 til 01.00 alle dagar.

Både Snikkarbua pub og kafe og Fjortun kafe får uteservering på eit nærmare definert område.

Alle skjenkestadene får utvida løyve for slutta lag for alkoholgruppe 1, 2 og 3 frå kl. 13.00 til kl. 02.00. Løyvet gjeld for perioden 01.04.20 til 31.03.24.

Styrarar og avløyssarar vert godkjende slik det er søkt om.

## **Formannskapet - 039/2020**

### **FS - behandling:**

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes tilrådd til kommunestyret.

### **FS - vedtak:**

1. Nye skjenkeløyve vert tildelt desse løyveharane v/dagleg leiar:  
Berit Karin Lygre, 5981 Masfjordnes – Fjordtun kafé AS.  
Kariann Ekren, 5981 Masfjordnes – Snikkarbua AS, ved Kvingo nærkjøp.  
Kristine Brekke, 5981 Hosteland – Kritthuset AS i Fensfjordbygg
2. Desse vert godkjend som styrar og avløyssarar for skjenkeløyvet:  
Fjordtun kafé AS – Styrar: Berit Karin Lygre, 5981 Masfjordnes.  
Avløyssar: Åsmund Kvinge, 5981 Masfjordnes  
Snikkarbua kafe og pub – Styrar: Karianne Ekren, 5981 Masfjordnes  
Fritak for avløyssar  
Kritthuset AS – Styrar: Kristine Brekke, 5986 Hosteland  
Avløyssar: James Philip Palmer, 5986 Hosteland
3. Løyvet omfattar desse lokala/uteareal:  
**Sandneskafeen:**  
- Hovudlokale 1. etasje ca. 100 m2.  
- Uteområdet ca. 100 m2 med merka område i inngjerda og skjerma hage.  
**Snikkarbua pub og kafe:**  
Eksisterande lokale med tilknytning til Kvingo nærkjøp på 137 kvm.  
På baksida eit avgrensa uteareal på 118 kvm med tak og gjerde rundt.  
På framsida eit avgrensa uteareal på 134 kvm med vilkår at området for uteservering ikkje er innestengd med vegg i tidsrommet for servering og skjenking. Heile veggområdet må vere opent, men med tydeleg avgrensing av arealet.  
**Kritthuset:**  
1. etasje i Fensfjordbygget, lokalitet på 80 kvm.
4. Løyva gjeld for øl og vin og vert gjeve alle dagar frå kl. 13.00 til kl. 01.00.
5. For slutta selskap gjeld utvida løyve for alkohol i gruppe 1, 2 og 3 slik:  
Alle skjenkestader frå kl. 13.00 til kl. 02.00.
6. Det er eit vilkår at det vert matsservering i både pubdel og kafeteriadel av lokala.
7. Skjenkeløyvet gjeld frå og med 01.04.2020 til og med 31.03.2024, jf. alkohollova § 1-7.

### **Heimel**

Alkohollova med forskrifter

## **Kommunestyret - 025/2020**

### **KS - behandling:**

Kariann Ekren sak ho var inhabil sidan ho var ein av søkerane. Ekren vart samrøystes vedteken inhabil, og ho forlot møte.

Ordførar Karstein Totland (H) sette fram følgjande framlegg til tilleggspunkt:

Endringa gjort i sak 024/2020 medfører justeringa og tilpassing for nye tider for sakene 025/2020 og 026/2020.

Framlegg til vedtak frå formannskapet med tilleggspunktet framsett i møtet vart samrøystes (16 røyster) vedteke.

### **KS - vedtak:**

1. Nye skjenkeløyve vert tildelt desse løyvehavarane v/dagleg leiar:  
Berit Karin Lygre, 5981 Masfjordnes – Fjordtun kafé AS.  
Kariann Ekren, 5981 Masfjordnes – Snikkarbua AS, ved Kvingo nærkjøp.  
Kristine Brekke, 5981 Hosteland – Kritthuset AS i Fensfjordbygg
2. Desse vert godkjend som styrar og avløyssarar for skjenkeløyvet:  
Fjordtun kafé AS – Styrar: Berit Karin Lygre, 5981 Masfjordnes.  
Avløyssar: Åsmund Kvinge, 5981 Masfjordnes  
Snikkarbua kafe og pub – Styrar: Karianne Ekren, 5981 Masfjordnes  
Fritak for avløyssar  
Kritthuset AS – Styrar: Kristine Brekke, 5986 Hosteland  
Avløyssar: James Philip Palmer, 5986 Hosteland
3. Løyvet omfattar desse lokala/uteareal:  
**Sandneskafeen:**  
- Hovudlokale 1. etasje ca. 100 m<sup>2</sup>.  
- Uteområdet ca. 100 m<sup>2</sup> med merka område i inngjerda og skjerma hage.  
**Snikkarbua pub og kafe:**  
Eksisterande lokale med tilknytning til Kvingo nærkjøp på 137 kvm.  
På baksida eit avgrensa uteareal på 118 kvm med tak og gjerde rundt.  
På framsida eit avgrensa uteareal på 134 kvm med vilkår at området for uteservering ikkje er innestengd med vegg i tidsrommet for servering og skjenking. Heile veggområdet må vere opent, men med tydeleg avgrensing av arealet.  
**Kritthuset:**  
1. etasje i Fensfjordbygget, lokalitet på 80 kvm.
4. Løyva gjeld for øl og vin og vert gjeve alle dagar frå kl. 13.00 til kl. 01.00.
5. For slutta selskap gjeld utvida løyve for alkohol i gruppe 1, 2 og 3 slik:  
Alle skjenkestader frå kl. 13.00 til kl. 02.00.
6. Det er eit vilkår at det vert matsservering i både pubdel og kafeteriadel av lokala.
7. Skjenkeløyvet gjeld frå og med 01.04.2020 til og med 31.03.2024, jf. alkohollova § 1-7.

Endringa gjort i sak 024/2020 medfører justeringa og tilpassing for nye tider for sakene 025/2020 og 026/2020.

### **Heimel**

Alkohollova med forskrifter

# Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Frode Vee-Haugen	FA-U62	20/93

Saknr	Utval	Type	Dato
038/2020	Formannskapet	PS	27.04.2020
026/2020	Kommunestyret	PS	14.05.2020

## Nye salsløyver for alkohol perioden 2020 - 2024

### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. Salsløyve for alkoholgruppe 1(inntil 4,7 volumprosent) vert tildelt:  
Geir Ove Matre, 5984 Matredal - Matre handel, Joker Haugsvær  
Marianne Ulvatn, 5986 Hosteland - Spar Hosteland i Nordbygda Senter  
Marit Krossøy, 5981 Masfjordnes - Daglegvarebutikken i Andvikgrend  
Kariann Ekren, 5981 Masfjordnes - Kvingo Nærkjøp AS  
Monica Skjelanger, 5729 Masfjordnes - Sandnesbutikken AS
2. Som styrar og avløyser vert desse godkjend:  
Joker Haugsvær  
Styrar: Geir Ove Matre, 5984 Matredal, avløyser Wenche Trodal, 5986 Hosteland  
Spar Hosteland - Styrar: Marianne Ulvatn, 5986 Hosteland  
Nærbutikken Tomas Krossøy - Styrar: Marit Krossøy, 5981 Masfjordnes, avløyser Rigmor Haugsdal, 5981 Masfjordnes  
Nærbutikken Kvingo - Styrar: Kariann Ekren, 5981 Masfjordnes, avløyser Øyvind Ekren, 5981 Masfjordnes  
Nærbutikken Sandnes - Styrar: Monica Skjelanger, 5729 Modalen.
3. Det vert gjort unntak for kravet til avløyser for Spar Hosteland v/Marianne Ulvatn, jf. alkohollova § 1-7c, 1. ledd. Når det gjeld Sandnesbutikken må dei få godkjend avløyser så snart kunnskapsprøven kan haldast.
4. Løyvet gjeld for kvar dagar frå kl. 09.00 - 20.00 og dagar før helgedagar frå kl. 09.00 - kl. 18.00 i samsvar med alkoholpolitisk handlingsplan pkt 5.1.
5. Løyveperioden gjeld frå og med 01.04.2020 til og med 31.03.2024 jf. alkohollova § 1-7.

### Heimel

Alkohollova med forskrifter.

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn

Desse salsstadene med løyvehavarar søker om oppattning av salsløyve for 4 år:

Geir Ove Matre, 5984 Matredal - Joker Haugsvær i Haugsværtunet

Marianne Ulvatn, 5986 Hosteland - Spar Hosteland i Nordbygda Senter

Marit Krossøy, 5981 Masfjordnes – Nærbutikken Tomas Krossøy

Kariann Ekren, 5981 Masfjordnes - Kvingo Nærkjøp AS

Monica Skjelanger, 5729 Modalen - Sandnesbutikken AS

Eksisterande løyveperiode for alle salsstader gjeld fram til 31.03.20. Løyvet gjeld likevel til utgangen av den månaden der løyvet vert endeleg avgjort, jf. alkohollova § 1-6, siste ledd. Kommunen har sendt brev til dei aktuelle salsstadene om søknadsfrist den 1.03.2020.

## Uttale

Skatteoppkrevjaren har i e-post datert 31.03.20 gjeve slik uttale:

«Skatteoppkrevjaren i Masfjorden har ingen merknader til søknadane om salsløyve for alkoholhaldig drikk for:

998462339 Nordbygda senter AS

981375041 Nærbutikken Tomas Krossøy v/Marit Krossøy

956263360 Matre handel

993608777 Kvingo Nærkjøp AS

997582470 Sandnesbutikken AS

Lensmannen har i brev datert 26.03.20 gjeve slik oppdatert uttale:

«Viser til brev av 17.3.2020.

Politiet har ikkje merknader til at det vert gjeve sals- og skjenkeløyve som søkt om. Vi har ikkje registrert problem i samband med dei aktuelle skjenkeløyva. Politiet har ikkje merknader til dei ansvarlege.

Vi gjer merksam på at Kvingo Nærkjøp av søkt om salsløyve til kl. 2000 der opningstida er til kl. 1800. Vidare er tidspunkta i søknaden til Joker Haugsvær feilførte. Vi ber om at desse feila vert retta opp i den vidare sakshandsaminga.»

NAV Fensfjorden har den 18.03.2020 gjeve slik uttale:

NAV Fensfjorden har vurdert søknader om nye sals- og skjenkeløyver frå:

Org.nr. 998462339 Nordbygda Senter AS v/Marianne Ulvatn

Org.nr. 981375041 Nærbutikken Tomas Krossøy v/Marit Krossøy

Org.nr. 956263360 Matre Handel v/Geir Ove Matre

Org.nr. 993608777 Kvingo Nærkjøp as v/Kariann Ekren

Org.nr. 997582470 Sandnesbutikken AS v/Monica Skjelanger Reknes

Vi har ingen merknadar til søknadane slik dei føreligg.

## Fakta

Joker Haugsvær søker om løyve

frå kl. 08.00 – kl. 20.00 måndag-fredag og frå kl. 09 - kl. 18.00 på laurdag.

Dette er feilført i søknaden men korrigert i ettertid.

Spar Hosteland søker om løyve

frå kl. 09.00 – kl. 20.00 måndag-fredag og frå kl. 09 - kl. 18.00 på laurdag.

Nærbutikken Tomas Krossøy søker om løyve

frå kl. 10.00 – kl. 17.00 måndag-torsdag, fredag til kl. 18.00 og frå kl. 10.00 - kl. 15.00 på laurdag.

Kvingo Nærkjøp søker om løyve

frå kl. 10.00 – kl. 20.00 måndag-fredag og frå kl. 09.00 - kl. 18.00 på laurdag.

opningstid i butikken er ført opp til kl. 18.00 i søknaden, men dei opplyser at dette kan variere etter sesong og ulike arrangement.

Nærbutikken Sandnes søker om løyve

frå kl. 09.00 – kl. 20.00 måndag-fredag og frå kl. 10.00 - kl. 18.00 på laurdag.

### Eksisterande løyve

Alle har salsløyve for alkoholgruppe 1, kvardagar frå kl. 09.00 - 20.00 og dagar før helgedagar frå kl. 09.00 - kl. 18.00. Dette er i samsvar med gjeldande alkoholpolitisk handlingsplan pkt 5.1.

Alle søkarane med styrarar og avløyssarar har dokumentert kunnskap om alkohollova ved at dei har stått i kunnskapsprøven som Masfjorden kommune har halde, jf. alkohollova §1-7c, 3. ledd. Spar Hosteland har ikkje ført opp avløyssar i sin søknad, men opplyser at dei vil sende to personar til kunnskapsprøven så snart det let seg gjere å ta denne. Sandnesbutikken har heller ikkje ført opp avløyssar. På grunn av at noverande styrar har vore lite til stades i butikken, har dei meld opp Jolaug Haugsvær. Prøven har dessverre måtta utsettast på grunn av dei ekstraordinære tiltaka.

Alle løyvehavarane har levert inn omsetningsoppgåve for 2019 samt attest for skatt og meirverdi.

### Vurdering

Kommunen har til no ikkje motteke kontrollrapportar eller klager av nokon art som tyder på at reglane i alkohollova med forskrifter ikkje har vore følgt for dei salsstadene som har søkt om løyve. Erfaringane så langt med løyva har vore tilfredsstillande. Det vert såleis lagt til grunn at reglane i alkohollova bl.a. når det gjeld sal til mindreårige vert følgt ved ei oppattnying av salsløyva.

Salstidene for alle salsløyva har blitt følgt.

Løyvehavarane har dokumentert tilfredsstillande kunnskap om alkohollova.

Det ligg ikkje føre ny informasjon eller opplysningar som gjev grunnlag for å gå bort i frå tidlegare praksis med å gje salsløyve til alle søkarane for ein periode på 4 år.

Dei løyvehavarane som ikkje har ført opp avløyssar bør få fritak for dette. Det vil virka urimeleg av omsyn til salsstadane sin storleik å stilla eit slikt krav, jf. alkohollova § 1-7c, 1. ledd. Det føreset også at styrar for butikken er til stades i den daglege verksemda og lett tilgjengeleg. Difor vil eg gå inn for at Sandnesbutikken også får godkjend ein avløyssar.

For dei andre søkarane som har ført opp avløyssar i sine søknader, er dette likevel ein styrke.

### Konklusjon

Det vert gjeve salsløyve for alkohol gruppe 1 for dei løyvehavarane som har søkt om oppattnying.

Løyveperioden gjeld for 4 år. Salstida vert kvardagar frå kl. 09.00 - 20.00 og dagar før helgedagar kl. 09.00 - 18.00. Det er i samsvar med eksisterande løyveperiode.

## **Formannskapet - 038/2020**

### **FS - behandling:**

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes tilrådd til kommunestyret.

### **FS - vedtak:**

1. Salsløyve for alkoholgruppe 1(inntil 4,7 volumprosent) vert tildelt:  
Geir Ove Matre, 5984 Matredal - Matre handel, Joker Haugsvær  
Marianne Ulvatn, 5986 Hosteland - Spar Hosteland i Nordbygda Senter  
Marit Krossøy, 5981 Masfjordnes - Daglegvarebutikken i Andvikgrend  
Kariann Ekren, 5981 Masfjordnes - Kvingo Nærkjøp AS  
Monica Skjelanger, 5729 Masfjordnes - Sandnesbutikken AS
2. Som styrar og avløyser vert desse godkjend:  
Joker Haugsvær  
Styrar: Geir Ove Matre, 5984 Matredal, avløyser Wenche Trodal, 5986 Hosteland  
Spar Hosteland - Styrar: Marianne Ulvatn, 5986 Hosteland  
Nærbutikken Tomas Krossøy - Styrar: Marit Krossøy, 5981 Masfjordnes, avløyser Rigmor Haugsdal, 5981 Masfjordnes  
Nærbutikken Kvingo - Styrar: Kariann Ekren, 5981 Masfjordnes, avløyser Øyvind Ekren, 5981 Masfjordnes  
Nærbutikken Sandnes - Styrar: Monica Skjelanger, 5729 Modalen.
3. Det vert gjort unntak for kravet til avløyser for Spar Hosteland v/Marianne Ulvatn, jf. alkohollova § 1-7c, 1. ledd. Når det gjeld Sandnesbutikken må dei få godkjend avløyser så snart kunnskapsprøven kan haldast.
4. Løyvet gjeld for kvardagar frå kl. 09.00 - 20.00 og dagar før helgedagar frå kl. 09.00 - kl. 18.00 i samsvar med alkoholpolitisk handlingsplan pkt 5.1.
5. Løyveperioden gjeld frå og med 01.04.2020 til og med 31.03.2024 jf. alkohollova § 1-7.

### **Heimel**

Alkohollova med forskrifter.

## **Kommunestyret - 026/2020**

### **KS - behandling:**

Kariann Ekren sak ho var inhabil sidan ho var ein av søkerane. Ekren vart samrøystes vedteken inhabil, og ho forlot møte.

Saka vart drøfta.

Ordførar Karstein Totland (H) sette fram følgjande framlegg til tilleggspunkt:

Endringa gjort i sak 024/2020 medfører justeringa og tilpassing for nye tider for sakene 025/2020 og 026/2020.

Framlegg til vedtak frå formannskapet med tilleggssetning framsett i møtet vart samrøystes (16.røyster) vedteke.

## **KS - vedtak:**

- 1. Salsløyve for alkoholgruppe 1 (inntil 4,7 volumprosent) vert tildelt:**  
Geir Ove Matre, 5984 Matredal - Matre handel, Joker Haugsvær  
Marianne Ulvatn, 5986 Hosteland - Spar Hosteland i Nordbygda Senter  
Marit Krossøy, 5981 Masfjordnes - Daglegvarebutikken i Andvikgrend  
Kariann Ekren, 5981 Masfjordnes - Kvingo Nærkjøp AS  
Monica Skjelanger, 5729 Masfjordnes - Sandnesbutikken AS
- 2. Som styrar og avløyssar vert desse godkjend:**  
Joker Haugsvær  
Styrar: Geir Ove Matre, 5984 Matredal, avløyssar Wenche Trodal, 5986 Hosteland  
Spar Hosteland - Styrar: Marianne Ulvatn, 5986 Hosteland  
Nærbutikken Tomas Krossøy - Styrar: Marit Krossøy, 5981 Masfjordnes, avløyssar  
Rigmor Haugsdal, 5981 Masfjordnes  
Nærbutikken Kvingo - Styrar: Kariann Ekren, 5981 Masfjordnes, avløyssar Øyvind Ekren,  
5981 Masfjordnes  
Nærbutikken Sandnes - Styrar: Monica Skjelanger, 5729 Modalen.
- 3. Det vert gjort unntak for kravet til avløyssar for Spar Hosteland v/Marianne Ulvatn, jf. alkohollova § 1-7c, 1. ledd. Når det gjeld Sandnesbutikken må dei få godkjend avløyssar så snart kunnskapsprøven kan haldast.**
- 4. Løyvet gjeld for kvardagar frå kl. 09.00 - 20.00 og dagar før helgedagar frå kl. 09.00 - kl. 18.00 i samsvar med alkoholpolitisk handlingsplan pkt 5.1.**
- 5. Løyveperioden gjeld frå og med 01.04.2020 til og med 31.03.2024 jf. alkohollova § 1-7.**

Endringa gjort i sak 024/2020 medfører justeringa og tilpassing for nye tider for sakene 025/2020 og 026/2020.

### **Heimel**

Alkohollova med forskrifter.



# Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Anne Kristin Rafoss	FE-033	20/426

Saknr	Utval	Type	Dato
027/2020	Kommunestyret	PS	14.05.2020

## Referatsak

### Tilknytte dokument:

1. Fordeling av ekstra skjønnsmidlar til kommunane i Vestland i samband med koronautbrotet
2. Protokoll Regionråd 1-2020, mandag 17. februar 2020
3. ROBEK - Nye regler om statlig kontroll med kommuner med økonomisk ubalanse
4. Kraftsituasjonen i Nordhordland - og følgjene for næringsutvikling og kraftintensiv industri sett i lys av dette
5. Region Nordhordland - prioritering av prosjektskjøn 2020

### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Referatsaker vert tekne til orientering

### Saksopplysningar:

#### Kommunestyret - 027/2020

#### **KS - behandling:**

##### Grunngjevne spørsmål:

Ragnvald Tangedal (Ap) stilte følgjande spørsmål:

Det var tidligere endel snakk om at det hadde vert gunstig å få ambulansetjenesten for Gulen og Masfjorden inn i Fensfjordbygg, siden også legekantoret blir etablert der. Så fikk vi høre at Gulen planlegger å bygge et nytt ambulanse bygg på Dalsøyra til 18 millioner og at det er sterke krefter i administrasjonen i Gulen for å få dette gjennomført.

Fikk en telefon fra et kommunestyre medlem i Gulen om at dette blir feil bruk av pengar når det kan tilbydes ledige lokaler for I leie i Fensfjordbygg. Fikk også fortalt at denne personen syntes at den politiske ledelsen i Masfjorden var veldig passiv i denne diskusjonen. Her er det en mulighet å få til et samarbeid med Gulen og Helse Vest om et mye bedre tilbud når det

gjelder å ha en sentral og tjenlig ambulansetjeneste for begge kommuner. Samme nærhet til industriområdet i Sløvåg som Dalsøyra har, askere tilgang til E-39 og ikke minst nærhet til de andre "blålys-etater". Kan dette påvirke at det kan bli legevakt tjeneste ved legekantoret i fremtiden?

Spørsmålet mitt blir da: Hva er blitt gjort fra Masfjorden Kommune for å få dette til? Er det noen plan for dette?

Ordfører svara på dette spørsmålet.

Siri Tangedal Kratzmeier (KrF) stilte følgjande spørsmål:

Norges Miljøvernforbund har oppmoda eigarkommunane i BKK om å fremja krav på generalforsamlinga om stans i utbygging av vindkraft og avvikling av eigarskap i vindkraftselskaper. NMF peikar på at BKK gjennom sitt 36,7% eigarskap i SFE er ansvarlege for fleire øydeleggande vindkraftprosjekt på Vestlandet og at BKK er 50% eigar i Matre Vind AS i kompaniskap med Zephyr. Korleis stiller Masfjorden kommune seg til dette og kva vil ordføraren gjera i denne saken?

Ordfører svara på dette spørsmålet.

#### Referatsaker:

Skriv 1: Fordeling av ekstra skjønmidlar til kommunane i Vestland i samband med koronautbrotet

Skriv 2: Protokoll Regionråd 1-2020, mandag 17.februar 2020

Skriv 3: ROBEK - Nye reglar om statlig kontroll med kommuner med økonomisk ubalanse

Skriv 4: Kraktsituasjonen i Nordhordland - og følgjene for næringsutvikling og kraftintensive industri sitt i lys av dette

Skriv 5: Region Nordhordland - prioritering av prosjektskjøn 2020

#### Orientering frå ordfører:

- ordfører orienterte kort om status reguleringsendring Matre / datasenter
- ordfører orienterte kort om status for Masfjordsambandet - nye retningslinjer for ferjeavløysingsordninga presentert i kommuneprop. 2021

#### Orientering frå rådmannen:

- hovudtal frå førebels 2019 rekneskapen, v/Svein Viktor Ellingbø, sak juni møte
- litt kring revidert nasjonalbudsjett 2020 / Kommuneprop. 2021 som vart framlagt 12.5.20
- litt kring status 2020 økonomi, 1.tertialrapport 20 vert ferdigstilt til juni møtet. Hovudutfordringa med korona er ikkje mykje meirutgifter, men inntektsbortfall, i redusert inntekt i form av redusert kraftpris gir mindre i konsesjonskraft (som pr 1.tertial utgjorde 5,6 mill kr i inntekt, mot 300.00 i 2020 (reelt sett har konsesjonskrafta gitt eit tap 1.tertial med 313.000) og nedgang i brukarbetaling, samt nedgang i finansverdiar pr. data som ikkje er bokførte. Kommunen er førebels kompensert med auka statstilskot hittil med om lag 1,8 mill kr.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

## **KS - vedtak:**

### **Referatsaker vert tekne til orientering**



# Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Frode Vee-Haugen	FA-U63	20/427

Saknr	Utval	Type	Dato
028/2020	Kommunestyret	PS	14.05.2020

## Søknad om serverings- og skjenkeløyve for Stordalen Oppleving AS

### Vedlegg:

**Journalposttittel**

Tegning skjenkeløyve

**Dato**

07.05.2020

### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. Nytt serverings- og skjenkeløyve vert tildelt desse løyvehavarane v/dagleg leiar: Stordalen Oppleving AS ved Lise Kristine Viken.
2. Desse vert godkjend som styrar og avløyssarar for serveringsløyvet og skjenkeløyvet: Styrar: Lise Kristine Viken, 5915 Hjelmås  
Avløyssar: Hans Henrik Fanebust, 5936 Manger
3. Løyvet omfattar desse lokala/uteareal i Stordalen fjellstove:

Restaurant og salong med uteterrasse i 2. etasje. Pub, møte- og selskapslokale i 1. etasje, samt uteområde under altan utanfor salong med dør ut frå salong. Minibar på overnattingsrom. Tal på sitjeplassar innandørs er sett til 250 kvm og tal på sitjeplassar, utandørs 60 kvm. Skjenkearealet innandørs er på om lag 300 kvm og skjenkearealet utandørs er på om lag 120 kvm medrekna område under terrasse.

4. Skjenkeløyvet gjeld for øl, vin (alkoholgruppe 1 og 2) frå kl. 13.00 til kl. 01.00 og for brennevin (alkoholgruppe 3) frå kl. 13.00 til kl. 24.00.
5. For slutta selskap gjeld utvida løyve for alkohol i gruppe 1, 2 og 3 frå kl. 13.00 til kl. 02.00.
6. Det er eit vilkår at det vert matserving i både pubdel og kafeteriadel av lokala.
7. Skjenkeløyvet gjeld frå dags dato til og med 31.03.2024, jfr. alkohollova § 1-7.
8. Serveringsløyvet er uavgrensa av dato for denne eigaren og denne lokaliteten.

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn

Stordalen Oppleving AS ved Lise Kristine Viken har sendt inn søknad datert 07.05.2020 om nytt serverings- og skjenkeløyve for Stordalen fjellstove i samband med at verksemda har fått ny eigar og er overteke av ho sjølv og Stordalen fjellstove AS.

#### Uttale

Søknaden vart sendt til uttale til politiet, NAV Fensfjorden og skatteoppkrevjaren den 7. mai 2020 med svært kort uttalefrist 11.05.2020.

Uttale frå skatteoppkrevjaren datert 11.05.2020:

«Skatteoppkrevjaren har ingen merknader til at Stordalen Fjellstove As får tildelt serverings- og skjenkeløyve.

Sjå vedlagte skatteattestar.»

Uttale frå politiet datert 8.05.2020:

«Politiet viser til brev av 7. mai 2020 og søknad om serverings- og skjenkeløyve av same dato. Politiet har ikkje merknader til at det vert gjeve serverings- og skjenkeløyve som søkt om. Politiet har ikkje merknader til dagleg leiar/ styrar for skjenkeløyve, avløyser for skjenkeløyve eller nokon av dei som har økonomisk interesse i drifta.»

Uttale frå NAV Fensfjorden datert 12.05.2020:

NAV Fensfjorden har vurdert søknad om nytt serverings- og skjenkeløyve frå:

Org.nr. 998563615 - Stordalen Fjellstove.

Vi har ingen merknadar til søknaden slik den føreligg.»

## Fakta

Stordalen oppleving AS sitt løyve gjekk ut 31.03.2020 og Laila Bolstad og Bjørn Eikefet la ned drifta den 1. februar. Aksjefordeling for dei nye eigarane er fordelt med 10 % på Lise Kristine Viken og 90 % på Stordalen fjellstove AS. Sjå aksjekjøpsavtale datert 2. mai 2020.

Søknaden om skjenkeløyve gjeld alkoholgruppe 1, 2 og 3 (høgst 60% alkohol) alle dagar frå kl. 13.00 til kl. kl. 01.00 både utandørs og innandørs. Talet på sitteplassar innandørs er 250 og utandørs 60.

Bruk av arealet:

«Omfatter restaurant og salong med uteterrasse i 2. etasje. Også pub og møte- og selskapslokale i 1. etasje.» Her ynskjer også dei nye eigarane og ta i bruk uteområde under altan med dør ut frå salongen.

På vedlagt teikning er skjenkearealet inne markert med lysegrønt og utearealet markert med lyseblått.

Opningstidene er sett opp slik:

Innandørs og utandørs frå kl. 12.00 - kl. 20.00 alle dagar unnateke fredag og laurdag og kl. 12.00 – kl. 01.00 fredag og laurdag. Ønskt skjenketid er sett opp frå kl. 13.00 til 01.00.

Perioden for uteservering er avgrensa frå 22. mai til 27. september.

Tal på sitjeplassar er sett til 250 kvm og tal på sitjeplassar utandørs 60 kvm. Skjenkearealet innandørs er på om lag 300 kvm og skjenkearealet utandørs er på om lag 120 kvm medrekna område under terrasse.

Rutinar for skjenkestaden:

«Alle ansatte vil få opplæring/oppfølging i å påse at kravene i alkoholloven og bevillingen overholdes. En egen perm med internkontroll vil foreligge, og de ansatte må signere på at de har lest og forstått reglene for servering av alkohol. Det er ikke planlagt noe ekstra vakthold da dette ikke er et utested med mange besøkende. Det er hovedsaklig servering i restauranten og i selskaper. Skulle det være nødvendig, og vise seg å bli travelt når puben er åpen, vil vi sette inn ekstra bemanning.»

Som dagleg leiar for serveringsløyvet og styrar for skjenkestaden er ført opp Lise Kristine Viken. Som avløyser for serveringsstaden og skjenkeløyvet er ført opp Hans Henrik Fanebust. Begge har gjennomført etablererprøven og kunnskapsprøven i alkohollova.

## Vurdering

Kommunen har til no ikkje motteke kontrollrapportar eller klager av nokon art som tyder på at reglane i alkohollova med forskrifter ikkje har vore følgt for denne skjenkestaden. Erfaringane med dei etablerte løyva så langt har vore gode.

Politiet, NAV Fensfjorden og skatteoppkrevjaren har ingen merknader til at aktuelle søkarar får

skjenkeløyve.

Skjenkestaden er ikkje nærområder for barn og ungdom, slik dei no er definert i alkoholpolitisk handlingsplan pkt. 2.4: "Opphaldsstader og nærområder for born og unge er definert som samlingsstader som vert brukt til leik, aktivitetar i skule og/eller fritid.

Prinsippet om likebehandling av skjenkesøknader må stå sterkt, det same gjeld behovet for harmonisering av dei lokale skjenkevilkåra.

Det skal sterke grunnar for å ha vesentleg ulike opningstider mellom skjenkestadene eller aldersgrense for nokon men ikkje for andre.

Alle skjenkestadene er i større eller mindre grad ein del av det totale reiselivsproduksjonen i kommunen sjølv om ikkje alle har overnattingstilbod, sjå også pkt. 6 i alkoholpolitisk handlingsplan.

I alkoholpolitisk handlingsplan pkt. 4.1 er der slått fat at «Skjenkeløyve for alkoholgruppe 3 vert berre gjeve til overnattingsverksemder.» Stordalen Fjellstove må ein kunne definere som overnattingsverksemd.

Etablerte skjenkestader har også i denne løyveperioden får utvida løyve i samband med lukka einskildarrangement eller såkalla slutta lag.

Løyvehavar har dokumentert gode kunnskapar om alkohollova sine reglar og drift av serveringsstad, ved at både styrarar og avløyisar har greidd kunnskapsprøven og eteblererprøven.

### **Konklusjon**

Det vert gjeve serveringsløyve og skjenkeløyve til Stordalen Oppleving ved Lise Kristine Viken for Stordalen fjellstove slik det er søkt om. Dette gjeld både inneservering og uteservering.

## **Kommunestyret - 028/2020**

### **KS - behandling:**

Framlegg til vedtak vart samrøystes (16 røyster) vedteke.

### **KS - vedtak:**

1. **Nytt serverings- og skjenkeløyve vert tildelt desse løyvehavarane v/dagleg leiar: Stordalen Oppleving AS ved Lise Kristine Viken.**
2. **Desse vert godkjend som styrar og avløyisarar for serveringsløyvet og skjenkeløyvet: Styrar: Lise Kristine Viken, 5915 Hjelmås Avløyisar: Hans Henrik Fanebust, 5936 Manger**
3. **Løyvet omfattar desse lokala/uteareal i Stordalen fjellstove:**

**Restaurant og salong med uteterrasse i 2. etasje. Pub, møte- og selskapslokale i 1. etasje, samt uteområde under altan utanfor salong med dør ut frå salong. Minibar på overnattingsrom. Tal på sitjeplassar innandørs er sett til 250 kvm og tal på sitjeplassar, utandørs 60 kvm. Skjenkearealet innandørs er på om lag 300 kvm og skjenkearealet utandørs er på om lag 120 kvm medrekna område under terrasse.**

4. **Skjenkeløyvet gjeld for øl, vin (alkoholgruppe 1 og 2) frå kl. 13.00 til kl. 01.00 og for brennevin (alkoholgruppe 3) frå kl. 13.00 til kl. 24.00.**
5. **For slutta selskap gjeld utvida løyve for alkohol i gruppe 1, 2 og 3 frå kl. 13.00 til kl. 02.00.**
6. **Det er eit vilkår at det vert matsservering i både pubdel og kafeteriadel av lokala.**

7. Skjenkeløyvet gjeld frå dags dato til og med 31.03.2024, jfr. alkohollova § 1-7.
8. Serveringsløyvet er uavgrensa av dato for denne eigaren og denne lokaliteten.

# Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Svein Viktor Ellingbø	FE-252	20/462

Saknr	Utval	Type	Dato
029/2020	Kommunestyret	PS	14.05.2020

## Auke i vidareutlån 2020 , startlån

### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Masfjorden kommune aukar lån til vidareutlån (startlån) i budsjett 2020 frå vedtekne 1,0 mill. til 5,0 mill.

Auken i vidareutlån innarbeidast i investeringsbudsjett for 2020:

- Utlån og forskoteringar                      auke med 4,0 mill.
- Bruk av lånemidlar                              auke med 4,0 mill.

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn

I handsaming av budsjett 2020, sak 077/2019, er vidareutlån vedteken til 1,0 mill. Desse midla er ennå ikkje tatt opp.

#### Vurdering

Det er hittil komet inn 6 søknader om finansiering, 2 av desse vil sannsynlegvis ikkje bli innvilga.

Søkjarar som kan få boliglån i vanleg bank eller kan spare opp eigenkapital er i utgangspunktet ikkje kvalifisert til startlån. Bankane er samstundes blitt meir restriktive i å delfinansiere bustadkjøp, slik at fleire må finansiere heile behovet med startlånsmidlar.

Med eit gjennomsnittleg finansieringsbehov på 2,5 mill., vil 5,0 mill. kunne hjelpt 2 søkjarar/familiar til å etablere seg med eigen bustad i kommunen.

#### Konklusjon

Masfjorden kommune tar opp 5,0 mill. til vidareutlån i 2020.

## Kommunestyret - 029/2020

### KS - behandling:

Personal- og økonomileiar Svein Viktor Ellingbø møtte til denne saka.



Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

**KS - vedtak:**

**Masfjorden kommune aukar lån til vidareutlån (startlån) i budsjett 2020 frå vedtekne 1,0 mill. til 5,0 mill.**

**Auken i vidareutlån innarbeidast i investeringsbudsjett for 2020:**

- **Utlån og forskoteringar**                      **auke med 4,0 mill.**
- **Bruk av lånemidlar**                              **auke med 4,0 mill.**

Rett utskrift frå møteboka frå kommunestyret 14.05.20 vert vitna:

---

Karstein Totland  
ordførar

---

Atle Nordland  
kommunestyremedlem

---

Laila Furebotn  
kommunestyremedlem